

Gaular kontrollutval

SEKOM-sekretariat

www.sekom.no | post@sekom.no

Møteinnkalling

Møtedato: 22.09.2015
Møtestad: Gaular kommunehus, kantina
Møtetid: Kl. 09:00

Innkalling: Faste medlemar i utvalet
Forvaltningsrevisor i sak 18 og 19
Rekneskapsrevisor i sak 20
Rådmannen i sak 18, 19 og 20

Dersom du ikkje kan møte: Meld frå på e-post:

o Arnar Helgheim: ah@sekom.no (mobil: 975 81 418)

Varamedlemar møter etter nærare innkalling.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
016/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/15	Skriv og meldingar 22.9.15
018/15	Revisjonsrapport: KOSTRA - Rett bemanning i sentraladministrasjonen
019/15	Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune - oppfølging av forvaltningsrevisjon
020/15	Informasjon om oppfølging av presiseringar i revisjonsmeldinga for 2014 og ROBEK-status
021/15	Budsjett for kontrollutvalet 2016
022/15	Oppfølgingsliste 3 - 2015
023/15	Eventuelt

Med helsing

Aud Lunde
Leiar

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gaular kontrollutval	Møtedato 22.09.2015	Saksnr 016/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/414
---	----------------------	-------------------------------

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gaular kontrollutval	Møtedato 22.09.2015	Saksnr 017/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-033	Arkivsaknr.: 15/416
---	-------------------------	-------------------------------

Skriv og meldingar 22.9.15

Vedlegg:

Nr	Dok.dato	Tittel	Dok.ID
1	28.05.2015	Årsrapport og årsrekneskap for 2014 for KRYSS Revisjon	15/1090
2	18.08.2015	Rapport frå tilsyn med kommunens arbeid med oppfølging av meldingar i barnevernet	15/1354
3	06.07.2015	Gaular kommune - registrering i Robek	15/1519
4	14.09.2015	Informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015 - 2019	15/1498

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Fra: Terje Førde
Sendt: 28. mai 2015 13:07
Til: Sekom postmottak; Arnar Helgheim; Audhild Ragni Vie Alme
Emne: Årsrapport og Årsrekenskap for 2014 for KRYSS Revisjon
Vedlegg: Årsrapport 2014 for KRYSS Revisjon, signert og vedteke 270515.pdf;
Årsrekenskap KRYSS Revisjon 2014 m noteopplysningar og
revisjonsberetning.pdf

Hei !

Samstyret i KRYSS Revisjon hadde møte i Hyllestad i går, der både 'Årsrapporten for 2014' og 'Årsrekneskapen for KRYSS Revisjon for 2014' var til handsaming og vart vedteke slik dei følgjer med her. Eg legg ved desse dokumenta i to separate pdf.filer, i signert stand.

Retningslinjene innad i revisjonssamarbeidet tilseier at desse dokumenta skal oversendast til eigarkommunane ved både Kontrollutvala og Kommunestyra/Bystyra.

Vi tør derfor be om at desse dokumenta vert førelagt Kontrollutvala som orienterings-/referatsak (skriv og melding) i dei komande KU-møter for dei 11 respektive eigar-/deltakarkommunar som inngår i vårt virke.

Skulle det vere spørsmål til årsrapporten og/eller årsrekneskapen kan De ta kontakt med underteikna eller

Styreleiar Trygve Jacobsen, tlf 57 63 74 09, evt. mobil 41 53 07 30, eller e-post: trygve.jacobsen@sfi.no
<<mailto:trygve.jacobsen@sfi.no>>

Med helsing

KRYSS Revisjon

Terje Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Mobil: 99 22 92 27

E-post: terje.forde@kryssrevisjon.no <<mailto:terje.forde@kryssrevisjon.no>>



Samstyremedlemmane i KRYSS Revisjon
Eigarkommunane i KRYSS Revisjon

Dykkar ref.:

Årsrekneskapen 31.12.2014

Vår ref.:

F:\rekneskap2014\Årsrapport2014\tf15

Arkivkode:

210&14

Journalnr.:

014 / 2015

Dokumentdato:

25. februar 2015

ÅRSRAPPORT 2014 for

KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 61 26 40 eller

57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 61 26 48;

- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46

- evt. mobiltlf. 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

1. ORGANISERING

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (forkorta til *KRYSS Revisjon*) vart etablert 01.01.2005. Revisjonssamarbeidet er organisert etter Kommunelova § 27, som interkommunalt samarbeid, med eigen samarbeidsavtale mellom 11 deltakarkommunar; *Askvoll, Bremanger, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gulen, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund*. Det er vedteke eigen samarbeidsavtale og det er oppretta og vedteke egne vedtekter, samt fleire reglement for driftinga av revisjonssamarbeidet. Samarbeidsavtalen har 12 månaders oppseingstid, og samarbeidsavtalen gjeld fram til den eventuelt blir sagt opp av ein av partane. Alle eigarkommunane har eit gjensidig ansvar for revisjonssamarbeidet.

KRYSS Revisjon er deltakarkommunane (eigarkommunane) si eiga kunnskaps- og rådgjevingssbedrift med spisskompetanse på offentleg forvaltning generelt, og på kommunal forvaltning spesielt. Verksemda er tilpassa kommunane og dei offentlege, heileigde eller deleigde verksemdar, i eigarkommunane innafor regionane Ytre Sogn og Indre og Ytre Sunnfjord.

Revisjonssamarbeidet kan tilby følgjande tenester til kommunane/oppdraga :

- Rekneskapsrevisjon
- Reell og formell forvaltningsrevisjon
- Selskapskontroll og eigarskapskontroll
- Overordna analyse
- Særattestasjonsordningar/Attestasjonsoppdrag
- Rådgjevingstenester innafor
 - Kommunalt rekneskap og kommunal/offentleg økonomi
 - Kommunal og interkommunal (offentleg) forvaltning
 - Interkommunalt samarbeid (IKS-lovverket m/forskrifter)
 - Kommunale føretak og særbedrifter
 - Kyrkjelege fellelråd, sokneråd, stiftingar og legat
 - Finansforvaltning
 - Sosialtenesta/Kommunehelsetenesta m/klientrekneskap i institusjon og PU
 - Overformynderi, verge-/hjelpesvergerekneskap (Vergemålslova)
 - NAV, Samhandlingsreformen, interkommunale samarbeid, ..
 - Hamnevesen, Hamne- og farvannslova, kommunalt og interkommunalt
 - Spelemiddelrekneskap og anna tilskotsformidling
 - Prosjektrekneskap/Byggjerekneskap m/Lov om offentlege anskaffelsar
 - Tilskotsrapportering, øyremerka midlar, særlovgevinga
 - Meirverdiavgiftregelverk (meirverdiavgiftslova)
 - Momskompensasjonsregelverk (momskompensasjonslovverket)
 - Offentlege/Kommunale refusjonsordningar, m.v.; særlovgevinga, etc.
 - Administrative interne kontrollfunksjonar og tilsynsordningar

1.1 Styrande organ:

KRYSS Revisjon vert leia av eit styre, med nemninga *Samstyret*. Samstyret består av 11 representantar; ein frå kvar av deltakar-/eigarkommunane, der kvar representant har ei stemme. Oppgåvene til Samstyret går fram av *vedtektene* for revisjonssamarbeidet. I tillegg er det vedteke ein eigen instruks for Samstyret sitt virke.

Samstyret har i 2014 vore samansett slik:

Faste medlemmar i Samstyret:

Trygve Jacobsen, Førde kommune, Styreleiar
 Jorunn Ringstad, Askvoll kommune, Nestleiar
 Charlotte Melvær Skjølberg, Bremanger kommune, Medlem
 Geir Tessem, Fjaler kommune, Medlem
 Tore Jakob Madsen, Flora kommune, Medlem
 Kari Birkeland, Gaular kommune, Medlem
 Jenny Norunn Nordal, Gulen kommune, Medlem
 Unni Systaddal, Hyllestad kommune, Medlem
 Audun Høyvik, Jølster kommune, Medlem
 Øystein Djupvik, Naustdal kommune, Medlem
 Birger Hjønnvåg, Solund kommune, Medlem

Personlege vararepresentantar:

Norunn Ulvedal
 Ruben Fedøy
 Kjartan Wiik
 Johnny Haugsbakk
 Vidar Grønnevik
 Kjerstin Haugsbø
 Lars Atle Larsen
 Frode Akse
 Johannes Juklestad
 Viggo Leikanger
 Anne Kari Reigstad

Det er oppretta eit eige *Arbeidsutval* på 5 medlemmar. Arbeidsutvalet har i 2014 vore samansett slik:

Styreleiar Trygve Jacobsen, Førde
Nestleiar Jorunn Ringstad, Askvoll
Medlem Kari Birkeland, Gaular
Medlem Tore Jakob Madsen, Flora
Medlem Birger Hjønnvåg, Solund

Varerepresentantar (rekkefølge):
 1. Charlotte Melvær Skjølberg, Bremanger
 2. Unni Systaddal, Hyllestad
 3. Jenny Norunn Nordal, Gulen

Funksjonstida til dei valde representantane er samsvarande med kommunevalperioden. Det er Samstyret sjølv som avgjer Arbeidsutvalet si samansetting.

1.2 Rekneskapsfører og Revisor:

Rekneskapen til KRYSS Revisjon vert ført innafør Førde kommune sin programvare. Fagansvarleg for rekneskapen er *rekneskapsjef* Terje Guddal i Førde kommune. Rekneskapen vert revidert av *Kommunerevisjonen i Nordfjord*, v/revisjonssjef Markvard Sunde, Stryn.

1.3 Administrativ organisering:

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord – KRYSS Revisjon – er organisert etter ein desentralisert organisasjonsmodell med 3 regionskontor. Organisasjonsstrukturen inneber eitt regionskontor i Hyllestad kommune (Kommunehuset i Hyllestad), eit regionskontor i Flora kommune (2. etg. i Strandgt. 43 i Florø), og hovudkontor i Førde (stasjonert i 3. etg. i Førde Rådhus i Førde). Dagleg leiar/revisjonssjefen opererer innafør heile regionen, og er for det meste å treffe på kontora i Førde og Flora.

2. DRIFTA I 2014 – Det tiande driftsåret for KRYSS Revisjon

2.1 Bemanningssituasjon :

KRYSS Revisjon har hatt ei bemanningsplan på 7,5 årsverk, fordelt på 8 medarbeidarar sidan starten i 2005. Samstyret utvida dette til 8 årsverk i 2013, og KRYSS Revisjon har hatt full bemanning i heile driftsåret 2014. Verksemda ser ut til å ha funne si form med oppgåvefordeling og effektiv ressursutnytting, men der einskilde stillingsheimlar over tid har vore hardt belasta arbeidsmessig. Med omsyn til tal oppdrag og arbeidsoppgåver elles må ein stadig vurdere oppgåveomfanget og ansvarsfordeling medarbeidarane imellom. Ei viss omlegging er gjort i 2014 medarbeidarane imellom. Verksemda er sårbar ved sjukefråvær og vakansar i stillingar. Fråværet er svært lågt i verksemda også i 2014.

Det ligg utfordringar i det omfang og dei oppgåver som kjem frå kommunane sine kontrollutval når det gjeld bestillingar for gjennomføring av forvaltningsrevisjonsprosjekt. Dette vil det alltid måtte vere eit sterkt fokus på, og det må seiest at vi i 2014 har fått til ein god dialog og eit godt samarbeid med kontrollutvala og kontrollutvalssekretariatet på dette. Sameleis må vi vurdere ressursane når arbeidsoppgåver og oppdrag fell ifrå (ref. overformynderia), på same måten som når nye oppdrag er aktuelle å ta opp i portefølgjen, eller når sentrale myndigheiter gjennom nye regelverk initierer nye oppgåver som vert lagt til den kommunale revisjon (særattestasjonsoppgåver, samhandlingsreformen, osv.).

2.2 Dagleg leiar-rolla:

Dagleg leiar førestår sekretariatetsfunksjonen for dei styrande organ i KRYSS Revisjon. Han er revisjonssamarbeidet sin administrasjonssjef og i tillegg er han verksemda sin revisjonssjef, som har det overordna, revisjonsfaglege ansvaret. Han nyttar delar av si arbeidstid til overordna revisjonsplanlegging med rullering, oppdatering, oppfølging og implementering av den praktiske revisjonsmetodikk. I 2014 har ein gått til anskaffelse av nytt revisjonsverktøy, *Descartes*. Dette stiller einkvar medarbeidar overfor nye utfordringar i det daglege arbeidet. På sikt skal dette effektivisere og rasjonalisere det praktiske revisjonsarbeide på fleire felt, samstundes som arbeidet vert kvalitetssikra på ein betre måte.

Forutan leiing og administrering av den daglege drifta av verksemda, har dagleg leiar ei operativ rolle innafør finansiell revisjon. Rådgjevingstenestene frå dagleg leiar og det øvrige personalet er etterspurt og etter kvart blitt både mangfoldig og omfangsrikt, og femnar ikkje berre dei 11 deltakarkommunane, men eit fagleg mangfald innafør mange regelverk, for heile oppdragsportefølgjen til KRYSS Revisjon.

Dagleg leiar og dei øvrige medarbeidarane søkjer å ha nærheit til den reviderte, ved å vere til stades i og kommunikasjon med kommunane og oppdraga gjennom møter, samtaler og dialog. I løpet av året er det mange møter med ulike nivå i kommuneadministrasjonen; heri rådmannen og sentralstaben, og kontrollutvala. Møteplikta i kommunestyra/bystyra og kontrollutvala blir etter vår oppfatning også ivareteke på ein god måte. Tilbakemeldingane frå eigarane er eintydig gode.

2.3 Revisjons- og rådgjevingstenestene, ekstern kvalitetskontroll :

Den eksterne kvalitetskontrollen har saman med fagleg oppdatering og eit stort engasjement frå alle tilsette bidrege til nytenking og nyskaping i måtar å løyse revisjonsoppgåvene på. Det er fokus på stadig å bli betre og for å etterleve etterutdannings- og fagleg ajourhold-kravet til einkvar medarbeidar. Det er lagt vekt på fagsamlingar, arbeidsmøter, personalmøter og faglege oppdateringar, der alle medarbeidarane tek del. Teamarbeid er eit nøkkelord og ein styrke, som det vil måtte vere fokus på framover også. Dette samarbeidet vil vere ein kontinuerleg prosess og ei styrking av KRYSS Revisjon si *merkevarebygging*. Dei tilsette set stor pris på *styreleiar sitt engasjement* i dette arbeidet.

KRYSS Revisjon skal framstå som eigarkommunane si eiga kunnskaps- og rådgjevingssbedrift med spisskompetanse på kommunal forvaltning, og som i tillegg til å sikre nærleik til fagmiljø, også skal ivareta og sikre kommunane sin tilgang til denne. Dette inneber at KRYSS Revisjon til eikvar tid skal yte dei tenester som kommunane etterspør, til ein stabil, forutsigbar og konkurransedyktig pris, med eit forholdsvis langsiktig og økonomisk stabilt perspektiv. Det er vår oppfatning at KRYSS Revisjon nyter stor respekt og tillit i dette både frå kommunane og dei andre oppdraga.

KRYSS Revisjon er underlagt *ekstern kvalitetskontroll* av *ekstern tilsynsmyndighet*; både for det som gjeld utøvinga av *finansiell revisjon* og *forvaltningsrevisjon*. Kontrollar viser at kommunerevisjonen i all hovudsak driv i samsvar med *internasjonale revisjonsstandarder* og innafor *god revisorskikk* og *god kommunal revisjonsskikk*. Rapportar frå ekstern kvalitetskontroll blir førelagt dei styrande organ, og som ein del av tilsynsfunksjonen til det einskilte kontrollutval overfor kommunerevisjonen sitt arbeid og virke, vert desse rapportane også førelagt kommunane sine kontrollutval.

2.4 Møteaktivitet, saker, m.v. :

Det er i 2014 halde 2 møter i Samstyret og 2 møter i Arbeidsutvalet. Det er handsama 15 saker i Samstyret og 10 saker i Arbeidsutvalet. Vi nemner her saker kring økonomiske perioderapporteringar, årsrapport, saker kring rekneskapsrapportar, årsrekneskap og årsbudsjett, økonomi- og handlingsplan, mål og strategiplan, opplæringsplan, tariffoppgjeret, lønspolitisk utviklingsplan, anskaffelse av ny programvare/revisjonsverktøy, møteplaner, m.v.

Vi nemner her nokre av dei sentrale styringsdokument som er vedtekne av Samstyret :

- ✕ Mål og strategiplan for KRYSS Revisjon
- ✕ Økonomi- og handlingsplan
- ✕ Økonomireglement
- ✕ Godtgjerdslereglement
- ✕ Opplæringsplan
- ✕ Arbeidsreglement
- ✕ Tilsettingsreglement
- ✕ Instruks for Samstyret
- ✕ Instruks for dagleg leiar
- ✕ Lønspolitisk utviklingsplan

Møtestadane har rullert mellom kontorstadane, Førde, Hyllestad og Florø. Dagleg leiar fungerer som møtesekretær før, under og etter møta.

2.5 Produksjonsresultat og økonomisk/rekneskapsmessig resultat for 2014:

2.5.1 Produksjon av revisjonstenester, forvaltningsrevisjon, m.v.:

Alle rekneskapar, og alle særattestasjonsoppgåver, er handsama av revisjonen *utan ugrunna opphald*, og det er vår oppfatning at einkvar revisormedarbeidar har strekt seg langt overfor kommunane og oppdraga elles, for å etterleve dei eksterne fristar som har vore sett, når fristane har vore korte og arbeidsmengda har vore stor.

Dei målsettingar som er forankra i mål og strategiplanen er i all hovudsak nådd i løpet av driftsåret. Det er KRYSS Revisjon si oppfatning at kommunane er godt nøgde med dei revisjons- og rådgjevingstenester og dei forvaltningsrevisjonsrapportar som er levert i 2014. Tilbakemeldingane frå kommunane har vore positive i forhold til det som er levert.

Vi meiner det er riktig å peike på det forventningsgap ein over tid har opplevd mellom det omfang av forvaltningsrevisjonar som har vore bestilt og det som har vore mogleg å levere innafor tidsplan og det rammeverk (ressursar) som er lagt i budsjetta. I løpet av 2014 har ein fått til eit tettare dialog og betra kommunikasjon med kontrollutvala og kontrollutvalsekretariatet som skal bidra i positiv lei framover med omsyn til nye bestillingar og konkretiseringar kring forvaltningsrevisjonsoppgåver framover.

2.5.2 Økonomisk/rekneskapsmessig resultat, m.v.:

Rekneskapen for 2014 balanserer med kr. 9.000.570,32. Det må her takast omsyn til kompensérbar moms med kr. 197.348,21 og avsetning av tidlegare års mindreforbruk gjennom interne finansierings-transaksjonar med kr. 573.365,05.

Årsrekneskapen for 2014 er gjort opp med eit *reelt meirforbruk* på kr. 383.571,06, og dette er dekkja i 2014-rekneskapen ved at tilsvarende beløp er inntektsført som bruk av tidlegare års avsetningar (bruk av disposisjonsfondet). Det vert i den samanheng vist til sak førelagt Samstyret i møte den 15.10.14, sak 12/2014, der det vart gjort vedtak om at eit meirforbruk i 2014 skulle dekkast av avsette midlar. Dette vart mogleggjort ved at Samstyret avsette mindreforbruket i 2013. Årets rekneskap viser at dette var nødvendig. KRYSS Revisjon blei såleis sett i stand til sjølv å dekke meirforbruket i 2014 innafor eige rekneskap. Dette er nærmare beskrive i noteopplysningane til årsrekneskapen. Årsaka til meirforbruket i 2014 vart det gjort greie for i eigen sak til Arbeidsutvalet og Samstyret hausten 2014. Det største meirforbruket skriv seg frå auke i pensjonskostnadene, auke i arbeidsgjevaravgifta, innkjøp av nytt datautstyr, nytt revisjonsverktøy og kursing/fagleg oppdatering. I 2014 er telefonisystemet også omlagt for alle medarbeidarane, i tillegg til at alle datamaskiner er skifta ut pga utdatert programvare og kapasitet. Noteopplysningar til årsrekneskapen gjer nærmare greie for meir detaljar i dette. Ein viser elles til dei spesifiserte utskriftene frå årsrekneskapen for 2014 og dei vedlegg som følgjer den. Den kommunevise spesifikasjonen av revisjonshonorara for 2014 går fram av eigen Note 16 til årsrekneskapen, og samsvarar fullt ut med budsjettet for 2014. I Note 15 til årsrekneskapen har dagleg leiar gjort greie for korleis kommunane sin andel i restmidlar på avsette midlar (disposisjonsfondet) fordeler seg på eigarkommunane. Desse forholda er tekne inn i saksframstillinga i eigen sak som blir førelagt Samstyret i samband med rekneskapsgodkjenninga for 2014.

2.5.3 Direkte ressursbruk overfor deltakarkommunane i 2014:

I forhold til budsjett og bemanningsplan har ein for første gong på mange år hatt full bemanning i alle stillingsheimlane, heile året; både innafor forvaltningsrevisjon (2 årsverk) og innafor finansiell revisjon (6 årsverk, inkl. dagleg drift). Gjennom året er det registrert kun mindre og kortare sjukefråvær. Verksemda har i all hovudsak gjennomført dei revisjons- og rådgjevingstenester som har vore etterspurde og nødvendige, og som i hovudsak er i tråd med planverket for året. Ressursbruken overfor kommunane er teke inn i saka kring årsrekneskapen for 2014. Dette er i tråd med vedtektene. I gjennomsnitt - med fråtrekk av lovfesta ferie, bevegelege helligdagar, interntid, reisetid, fellestid, kurs m.v. - vil 8 årsverk i operativ drift kunne gje ca 11000 timar. Dette må sjåast på som mogleg fakturérbar tid. Prosentfordelinga går fram av tabellen nedanfor; jamfør det som er nemnt i note til rekneskapen. Det er marginale (minimale) endringar i forhold til fordelinga for 2013 og det som låg inne i budsjettdokumentet for 2014. Note 16 viser belastningane og ressursbruken på eigarkommunane.

Det står respekt av det arbeidet som er nedlagt frå einkvar medarbeidar i revisjonssamarbeidet gjennom året, der alle oppdrag har fått sine tenester på alle vis til det omfang og den kvalitet som dei skal kunne forvente.

Tabell A: Ressursfordelinga overfor deltakarkommunane, - %andel for kvar kommune:

Kommune:	Askvoll	Brem	Fjaler	Flora	Førde	Gaular	Gulen	Hyllest	Jølster	Naustd	Solund	Sum
%-andel	8,111	9,950	9,934	11,072	11,401	9,041	9,852	8,003	8,793	7,180	6,663	100,00

Tabellen over inngår i berekningsgrunnlaget for oppgjeret med kommunane; jamfør note 15 og 16 til rekneskapen. (Det må her også takast omsyn til at kommunane Bremanger og Flora har fleire kommunale føretak/særbedrifter kvar; (som blir fakturert direkte etter registrert timeforbruk av revisjons- og rådgjevingstenester i året). Det må takast omsyn til dette når ein samanliknar med andre kommunar for 2014. Forvaltningsrevisjon og alle særattestasjonar og særskilde revisjonsuttaler til særrekneskap, spelemiddelrekneskap, tilskotsformidlingsrapporteringar, m.v., er inklusive i bruttofordelinga.

3. UTØVINGA AV REVISJONSARBEIDET

I etableringsdokumentet for revisjonssamarbeidet står det at kommunen skal ha ein revisjon som har *nærheit* til kommunen, *hyppige besøk* i kommunen, og at ein skal vere *lett tilgjengelege* for brukarane av dei kommunale revisjons- og rådgjevingstenester. I det daglege prøver dei tilsette å ha tett og god dialog med den reviderte, samstundes som det vert vektlagt å ha god internkommunikasjon/-dialog revisormedarbeidarane imellom.

I tillegg til kommunane sine rekneskap, omfattar revisjonssamarbeidet revisjon og rådgjeving overfor dei kommunale føretak, særbedrifter, interkommunale samarbeid (IKS og § 27-samarbeid), kyrkjelege fellesråd, sokneråd, klient-/ pasientmiddelrekneskap ved institusjonane/PU-omsorga i kommunane, stiftingar, legat, fonds, m.v., som deltakarkommunane er involverte i.

Forutan den tradisjonelle finansielle revisjon (stadfesting av økonomisk informasjon) omfattar det løpande revisjonsarbeid ei rekke særattestasjonsordningar som i sum krev mykje ressursar. Vi nemner her spesielt momskompensasjonsregimet, som krev at det skal utførast særattestasjon for alle refusjonskrav for alle kommunar/verksemdar, som inngår i momskompensasjonsordninga. Slike krav vert normalt framsett 6 gonger i året (annankvar månad), og revisor innestår for at dei framsette krav ikkje inneheld vesentlege feil. Vi nemner her også særattestasjonsordninga kring *særleg ressurskrevjande brukarar* i kommunane, *særuttaler kring antal PU-klientar, spelemiddelrekneskap*, og andre *økonomirapporteringar* i høve *tilskotsformidling/økonomitilsagn*, m.v., som krev revisorattestasjon på rapporteringane. Forvaltningsrevisjon er omfangsrikt og har eit mangfald som over tid har kravd større ressursar enn kva vedtekne budsjett har gjev rom for, og kva som har vore planlagt på budsjettstadiet. Dette er eit ansvar som delvis også kviler på bestillarrolla; først og fremst ved kontrollutvala og deira sekretariat. Det er avsett to årsverk til forvaltningsrevisjon/-kontroll i KRYSS Revisjon.

Den kommunale revisjon er forankra i Kommuneleva av 25.09.92, med seinare endringar, Kap. 12, §§ 77 -78. Det ligg føre eigen *forskrift om revisjon av kommunar og fylkeskommunar* av 15.06.2004, som stiller klare krav til revisjonen sine oppgåver og ansvar. Det er lovpålagt årlege krav til etterutdanning og fagleg ajourhold for å kunne opptre i den offentlege/ kommunale revisjon. Det er stilt spesiell krav til den overordna revisjonsfaglege ansvarlege; dvs. dagleg leiar/revisjonssjefen. Desse krava er absolutte både for revisormedarbeidaren og revisjonssjefen. Det er vedteken eigen opplæringsplan som stettar krava til fagleg ajourhold for einkvar revisormedarbeidarane i KRYSS Revisjon sitt virke. Av dette følgjer også at det vil ligge inne årlege budsjettløyvingar i revisjonssamarbeidet sine årsbudsjett til dette lov- og forskriftskravet.

4. ANDRE FORHOLD

Likestilling:

Revisjonssamarbeidet har ivareteke likestillingskravet på tilfredsstillande vis når det gjeld tilsettingsforholda. Ved utgangen av driftsåret er det tilsett 4 mannlege og 4 kvinnelege medarbeidarar, alle i 100 % stilling (= 8 årsverk).

Deltakarkommunane har, kvar for seg, valgt representantar til Samstyret. Av dei 11 representantane i Samstyret er 6 menn og 5 kvinner. Ser ein på lista over vararepresentantar er forholdet 3 kvinner og 8 menn. Samstyret har valgt Arbeidsutval, som består av 3 menn og 2 kvinner, med 3 kvinner som vararepresentantar.

Skadar/ Sjukefråvær:

Det har ikkje vore skadar eller ulukker i 2014. Sjukefråværet er svært lågt. Kun sporadiske, kortare sjuk-domsfråvær er registrert i 2014, der alt fråvær er innafor eigenmeldingssystemet. Det er såleis ikkje motteke sjukepengerefusjonar; noko også rekneskapen for 2014 gjenspeiler.

Ved inngangen til året var ein medarbeidar ute i permisjon, der det frå årsskiftet var føreteke tilsetting i vikariatet. Den fast tilsette sa opp stillinga si før permisjonstida var ute, for å gå over i controllerfunksjon i ein av eigarkommunane. Den som var inne i vikariatet, vart fast tilsett i stillinga som forvaltningsrevisor i KRYSS Revisjon frå og med 01.09.2014.

Fagleg ajourhold:

Fagleg ajourhold er i stor grad utført i samsvar med ønskjer frå den/dei tilsette, innafor dei prioriteringar som ligg i vedteke budsjett for året, og elles i samsvar med vedteken opplæringsplan for KRYSS Revisjon. Opplæringsplanen blir rullert årleg og samsvarar med økonomien til dette i kvart års årsbudsjett. Året 2014 viser at dei tilsette tilfredsstiller dei krav som er stilt til det årleg faglege ajourhold. I 2014 har ein hatt fagleg ajourhold også overfor to nyttilsette, slik at det er 8 stillingsheimlar som legg beslag på budsjettet til fagleg ajourhold og reiser i den samanheng. Det er noko av forklaringa på at budsjettposten er overskride med ca kr. 67.000,- i 2014. Noteopplysningar til årsrekneskapen gjev nærmare greie for dette.

Representasjon:

Norges Kommunerevisorforbund:

Verksemda har bedriftsmedlemskap i *Norges Kommunerevisorforbund* (NKRF). NKRF er den faglege instansen som offentlig revisjon i Norge; heri kommunerevisjonen, sorterer inn under. Alle tilsette i KRYSS Revisjon har obligatorisk medlemskap i NKRF.

KRYSS Revisjon har ei bedriftsstemme, og kvar av dei tilsette har ei stemme kvar (personstemme) ved deltaking på NKRF sitt årlege Årsmøte. Alle tilsette og einskilde styremedlemmar har abonnement på NKRF's fagtidsskrift "*Kommunerevisoren*".

Kari Sygna er tillitsvald/tilsettere representant i KRYSS Revisjon. Sidan våren 2010 har dagleg leiar i KRYSS Revisjon, Terje Førde, vore innvald i fylkesstyret for NKRF avd. Sogn og Fjordane. Han har også vore nytta som foredragsholdar på ulike konferansar; bl.a. økonominettverket i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane og på andre fagsamlingar kring kommunalt rekneskap/økonomi og revisjon, samt folkevaldopplæringane i fylket.

KRYSS Revisjon er medlem i *KS Bedrift*. Dette er *Kommunenenes Sentralforbund* sin bedriftsorganisasjon; som bl.a. bistår dei styrande organ og dagleg leiing i KRYSS Revisjon arbeidsgjevarrolla i forhold til løns- og personalspørsmål, m.v. KS Bedrift er også ein faginstans som gjev råd og rettleiing innafor økonomi, jus, løn/personal, m.m., og som er nytta ein del (KS Advokatane) innafor både administrasjon/drift av verksemda, og fagområder i den kommunale forvaltninga, samt i problemstillingar og spørsmål innafor intern kontroll, kommunal økonomi, finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon, m.m.

Underskrifter:**Til underskrift:**


**Vi godkjenner med dette
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord
- KRYSS Revisjon -
sin Årsmelding
for 2014.**

Stad: Førde


Dato: 31. desember 2014
25. februar 2015

*(Handsama av Arbeidsutvalet
i møte den 15. april 2015 -
Endeleg vedtak i Samstyret
i møte 27. mai 2015)*


Trygve Jacobsen (sign):
Styreleiar (Førde kommune)



Jorunn Ringstad (sign):
Nestleiar (Askvoll kommune)




Unni Systaddal (sign):
Medlem (Hyllestad kommune)




Charlotte Melvær Skjølberg (sign):
Medlem (Bremanger kommune)


Geir Magne Tessem (sign):
Medlem (Fjaler kommune)



Tore Jakob Madsen (sign):
Medlem (Flora kommune)




Kari Birkeland (sign):
Medlem (Gaular kommune)



Jenny Norunn Nordal (sign.):
Medlem (Gulen kommune)

Audun Høyvik (sign.):
Medlem (Jølster kommune)



Øystein Djupvik (sign.):
Medlem (Naustdal kommune)

Birger Hjønnvåg (sign.):
Medlem (Solund kommune)



Terje Førde (sign.)
Dagleg leiar/Revisjonssjef
KRYSS Revisjon


Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Dykkar ref.:

Rekneskap 31.12.2014

Vår ref.:

F:\Rekneskap\Årsrekneskap2014\tf15

Arkivkode:

210&14

Journalnr.:

012 / 2015

Dokumentdato:

17. februar 2015

ÅRSREKNESKAPEN

2014

for

KRYSS Revisjon

Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller

57 61 26 41, evt. mobiltlf. 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;

- evt. mobiltlf. 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41

Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil. 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46

- evt. mobiltlf. 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobiltlf. 47 65 50 93

Driftsrekneskap Kryss Revisjon 2014					
	Rekneskapsskjema 1 Driftsrekneskapen	Rekneskap 2014	Reg.budsj.	Oppr.budsj.	Rekneskap 2013
	Inntekter				
1 600-659	Aktivitetar, tiltak	-106 500,00	-140 000,00	-140 000,00	-134 500,00
2 660-679	Sal av driftsmidlar/fast eigedom				
3 700-789	Refusjonar/overføringar	-7 879 628,21	-7 717 000,00	-7 717 000,00	-7 398 987,62
4 790	Interne overføringar				
5 800-829	Statlege tilskot				
6 830-839	Refusjon Førde kommune				
7 840-859	Tilskot				
8 860-879	Gåver, sponsor inntekter				
9	Sum driftsinntekter	-7 986 128,21	-7 857 000,00	-7 857 000,00	-7 533 487,62
	Utgifter				
10 010-099	Løn og sosiale utgifter	6 786 661,15	6 529 000,00	6 529 000,00	5 456 042,44
11 100-299	Kjøp av varer og tenester	1 362 254,91	1 245 000,00	1 245 000,00	1 318 516,16
12 300-389	Revisjon, rekneskapsføring	47 030,00	47 000,00	47 000,00	45 050,00
13 390	Kalk.utg. ved komm. tj.yting				
14 400-479	Mva, overføring kommunar	197 348,21			155 806,62
4900	Reserverte løyvingar		50 000,00	50 000,00	
15	Sum driftsutgifter	8 393 294,27	7 871 000,00	7 871 000,00	6 975 415,22
16	Brutto driftsresultat	407 166,06	14 000,00	14 000,00	-558 072,40
17 900-909	Renteinntekter				
18 920-929	Motteke avdrag på utlån	-57 506,00	-40 000,00	-40 000,00	-47 245,00
19 500-509	Renteutgifter og låneomkostningar				
20 510-519	Avdrag på lån	2 049,00	1 000,00	1 000,00	3 060,35
21 520-529	Avsetning eigenkapital, KLP	31 862,00	25 000,00	25 000,00	28 892,00
22	Netto finansinntekter/-utgifter	-23 595,00	-14 000,00	-14 000,00	-15 292,65
23 590	Avskrivingar				
24 990	Motpost avskrivingar				
25	Netto driftsresultat	383 571,06	0,00	0,00	-573 365,05

		Interne finansieringstransaksjoner							
26	930	Bruk av utdisponert frå tidl.år	-573 365,05						
27	940-949	Bruk av disposisjonsfond, <i>dekning underskøt</i>	-383 571,06	-117 600,00					-117 571,28
28	950-959	Bruk av bundne fond							
29	960	Bruk av likviditetsreserve							
30		Sum bruk av avsetningar	-956 936,11	-117 600,00	0,00				-117 571,28
31	530	Avsett til dekning frå tidl.år		117 600,00					117 571,28
32	540-549	Avsett til disposisjonsfond	573 365,05						
33	550-559	Avsett til bundne fond							
34	560	Avsett til styrking av likv.res.							
35	570	Overført til investeringsrekneskapen							
36		Sum avsetningar	573 365,05	117 600,00	0,00				117 571,28
	580	Rekneskapsmessig mindreforbruk							573 365,05
	980	Rekneskapsmessig meirforbruk							
			0,00	0,00	0,00				0,00

Førde 17.02.2015

Agnar Ashes
Agnar Ashes

Førde, 17.02.2015
Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 487, 6801 Førde
Terje Guddal
Daglig leder/Revisjonssjef
KRYSS Revision
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Terje Guddal
Terje Guddal

ÅRSREKNESKAP FOR 2014 FOR KRYSS REVISJON

Art Konto	Art- Kontonemning	Årsrekneskap 31.12.2013	Årsbudsjett 2014	Årsrekneskap 31.12.2014
10100	Løner i faste stillingar	4 159 519,68	4 985 000,00	5 006 635,99
10500	Anna løn	478,00		498,00
10504	Mobiltelefonar, fordelsbeskatning *)1			34 352,00
10509	Trekkpliktig bilgodtgjerdslø	46 535,00	48 000,00	52 500,00
10800	Møtegodtgjerdslø	31 261,75	20 000,00	26 445,30
10801	Styreleiargodtgjerdslø	35 000,00	40 000,00	40 000,00
10850	Tapt arbeidsinntekt	0,00	25 000,00	0,00
10903	Pensjonsinnskott KLP	641 486,17	773 000,00	965 575,57
10905	Gruppeliv/Ulukkesforsikring	13 053,00	10 000,00	10 201,00
10990	Arbeidsgjevaravgift	524 708,84	628 000,00	650 453,29
11000	Kontormateriell	17 183,37	25 000,00	18 180,10
11001	Kopieringsutgifter	28 318,00	20 000,00	32 688,60
11007	Faglitteratur, abonnement	17 859,53	15 000,00	26 694,65
11150	Servering i møter	13 777,68	10 000,00	14 375,94
11200	Anna forbruksmateriell	19 477,42	15 000,00	9 087,24
11201	Utgifter, ikkje oppgåvepliktige (løn)	582,54		342,40
11202	Diverse utgifter	14 187,54	8 000,00	13 125,96
11207	Velferdstiltak tilsette	8 239,00	8 000,00	4 659,00
11208	Forbruksmateriell	4 198,24	10 000,00	4 934,40
11300	Post, bank, telefon	4 465,50	5 000,00	5 934,02
11301	Bankgebyr	1 488,90	2 000,00	1 492,40
11303	Telefonutgifter	74 996,78	50 000,00	52 151,82
11305	Porto og frankering	12 691,72	10 000,00	1 804,65
11306	Refusjon telefon/breiband	4 000,00	8 000,00	8 000,00
11309 *)1	Motpost fordelsbeskatning mobiltelefon		(sjå art 10504)	-34 352,00
11400	Annonseutgifter	41 536,40	20 000,00	1 996,00
11500	Fagleg opplæring	136 544,62	140 000,00	207 384,50
11502	Hotellopphold opplæring	1 203,70		1 744,00
11600	Reise-, Skyss-/diett-utgifter	147 447,70	185 000,00	173 507,10
11700	Transportutgifter			2 043,25
11702	Ikkje oppgåvepl utgifter	54 498,16	40 000,00	48 726,41
11703	Drift av leigebil	52 067,78	50 000,00	44 713,22
11704	Vedlikehald transportmiddel	3 564,80	8 000,00	4 783,20
11705	Refusjon utlegg reiser	6 192,73	10 000,00	8 086,23
11706	Årsavgifter og forsikring bil	2 940,00	10 000,00	9 455,00
11800	Straum/Elektrisitet	28 413,80	25 000,00	0,00
11850	Forsikring utstyr mv	18 158,00	15 000,00	0,00
11855	Yrkesskadeforsikring	3 059,00	12 000,00	10 915,00
11900	Husleigeutgifter	292 257,80	270 000,00	327 249,40
11950	Avgifter, gebyr, lisensar, o.l.	0,00		13 416,40
11956	Kontingent til KS	20 023,00	20 000,00	25 548,00
11957	Kontingent SYS IKT	60 048,20	48 000,00	25 800,00
11959	Kontingent NKRF	52 657,00	68 000,00	52 028,00
12001	Inventar og utstyr	38 064,12	50 000,00	130 948,00
12101	Leige av transportmiddel	75 081,60	70 000,00	110 356,00
Overføring til side 2		6 707 267,07	7 756 000,00	8 144 480,04

ÅRSREKNESKAP FOR 2014 FOR KRYSS REVISJON

Art Konto	Art- Kontonemning	Årsrekneskap 31.12.2013	Årsbudsjett 2014	Årsrekneskap 31.12.2014
Overføring frå side 1		6 707 267,07	7 756 000,00	8 144 480,04
12306	Vedlikehald inventar/utstyr	4 201,80	8 000,00	4 331,82
12400	Serviceavtaler, reparasjonar, vaktm	1 091,20		0,00
12405	Vedlikehald IKT/EDB	1 008,00	10 000,00	104,20
12600	Vask og reinhald	60 990,53	0,00	0,00
13500	Rekneskapsføring	34 250,00	35 000,00	34 250,00
13505	Revisjonstenester	10 800,00	12 000,00	12 780,00
14290	Meirverdiavgift	155 806,62		197 348,21
14500	Overføring kommunane	0,00		0,00
14900	Reserverte tilleggsløyvingar	0,00	50 000,00	0,00
15001	Morarenter	3 060,35	1 000,00	2 049,00
15209	Eigenkapitalinnskot KLP	28 892,00	25 000,00	31 862,00
15300	Dekning av tidl års meirforbruk	117 571,28		
15400	Avsetningar fri kapital		573 365,05	573 365,05
15800	Årsoverskot / Mindreforbruk 2013	573 365,05		
	SUM UTGIFTER	7 698 303,90	8 470 365,05	9 000 570,32
16200	Diverse refusjonar			
16500	Avgiftspliktig omsetning	134 500,00	140 000,00	106 500,00
17100	Refusjon sjukepengar	0,00	0,00	0,00
17101	Refusjon fødselspengar	0,00	0,00	0,00
17290	Meirverdiavgift	155 806,62		197 348,21
17500	Refusjonar kommunar	6 796 000,00	7 256 000,00	7 256 000,00
17505	Refusjonar interkommunale selskap			
17700	Overføringar frå andre	45 181,00	50 000,00	31 280,00
17800	Refusjonar særbedrifter	402 000,00	411 000,00	395 000,00
19009	Renteinntekter	47 245,00	40 000,00	55 548,00
19050	Utbytte og eigenkapavkastning		0,00	1 958,00
19300	Disp tidl. års årsoverskot		573 365,05	573 365,05
19400	Bruk av avsetningar	117 571,28		
19400	Bruk disp.fond/dekning underskot 2014			383 571,06
	SUM INNTEKTER	7 698 303,90	8 470 365,05	9 000 570,32
	Differanse inntekter - utgifter	0,00	0,00	0,00
19800	Netto driftsres., over-/underskot	573 365,05	0,00	0,00
	Akkumulert balansering, utgifter	7 698 303,90	8 470 365,05	9 000 570,32
	Akkumulert balansering, inntekter	7 698 303,90	8 470 365,05	9 000 570,32
				0,00

Det vert vist til dagleg leiar sine kommentarar til årsrekneskapen for 2014;
jfr. 'Årsrapporten for 2014 for Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord'

Førde, 31. desember 2014/18. februar 2015

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Førde 6801 Førde
Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord


Terje Guddal

Dato 20.02.2015, Jnr. 016/2015, Arkiv: 210&14

NOTAR TIL REKNESKAPEN FOR KRYSS REVISJON 2014

Note 1. Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar:

KRYSS Revisjon sitt rekneskap er ført i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk. Dei kommunale rekneskapsprinsippa inneber bl.a. at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsippet og anordningsprinsippet. Det betyr at alle kjende inntekter og utgifter vert tekne med i driftsrekneskapen om dei er betalte eller ikkje ved årsskiftet. I Balanserekneskapen er omløpsmidlar vurdert etter prinsippet om lågaste verdi.

Note 2. Løns- og personalutgifter

Består av følgjande postar:	2014	2013	2012	2011
Løner, godtgjerdsle, m.v.	5 170 632,-	4 289 848,-	4 202 644,-	4 617 275,-
Arbeidsgjevaravgift	650 453,-	524 709,-	533 803,-	510 958,-
Pensjonsutgifter	965 576,-	641 486,-	841 957,-	648 005,-
Andre lønsutgifter				
Sum løns- og personalutgifter	6 786 661,-	5 456 043,-	5 578 404,-	5 776 238,-

Når ein vurderer lønskostnadene i 2014, og samanliknar med tidlegare år, må ein ta i betraktning at ein i delar av året 2012 og 2013 ikkje hadde tilsette i alle stillingsheimlar fullt ut. Lønsreguleringar gjort i 2013 har heilårsverknad i 2014 og medfører også auke i pensjonskostnader og arbeidsgjevaravgifta. Det må også takast omsyn til at ein i 2012 fekk ekstraordinære store pensjonskostnader, medan KLP i 2013 hadde eit økonomisk godt år, med tilsvarende lavare pensjonskostnader for KRYSS Revisjon i 2013 i forhold til 2012. Driftsåret 2014 viser igjen ekstraordinære store pensjonskostnader som har medført overskridingar i pensjonskostnadene med nærmare kr.200.000,-. Dette representerer ein auke som ein ikkje kunne forutsjå i budsjettprosessen haust 2013, men som dagleg leiar gjorde Arbeidsutvalet og Samstyret merksame på i perioderapportane hausten 2014, då ny informasjon låg føre frå KLP.

Arbeidsgjevaravgift er i 2014 utgiftsført med kr. 650.438,35, som er ca. kr. 22.400,- meir enn budsjettet. Dette heng saman med auken i arbeidsgjevarandelen for pensjonskostnadene. I forhold til 2013-rekneskapen, viser arbeidsgjevaravgifta ein auke på kr. 125.730,-.

Note 3. Pensjonsforpliktingar:

Alle tilsette er knytta til felles kommunal pensjonsordning i Kommunal Landspensjonskasse (KLP). Arbeidsgjevar sin andel av pensjonspremien er utgiftsført med kr. 965.575,57,-, mot ein budsjettet sum på kr. 773.000,-. Dette representerer ein auke på ca kr. 324.000,- i forhold til årsrekneskapen for 2013, og ei overskriding i forhold til budsjettet sum for 2014 på ca. 193.000,-.

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger

Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø

Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27

Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobil: 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll

Førde kommune, Rådhuset, Hafstadv 28, 6800 Førde

Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46

Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55

Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22

Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund

Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad

Tlf. regionskontoret; 57 78 85 47

Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46

- evt. mobil: 99 23 52 16

Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;

- evt. mobil: 47 65 50 93

For ei lita verksemd som KRYSS Revisjon utgjer desse endringane/svingningane i pensjonskostnadene forholdsvis store beløpssmessige utfordringar til driftsbudsjettet år for år. Nødvendigheita av å etablere eit buffertfond til denne type svingningar vil vere påtrengande framover; noko som også vart påpeika kring årsrekneskapen for 2012 og 2013. Det må her nemnast dei store endringane som har vore i reguleringspremien dei siste åra; jfr. meirforbruket i 2012 og no i 2014. At ein avsette midlar i samband med fjorårets rekneskap, er er lukke for verksemda og eigarkommunane, og viser med all tydelegheit at det er nødvendig å ha midlar til å kunne møte svingningar som ein ser i 2014-rekneskapen. Tidlegare års avsetningar set KRYSS Revisjon i stand til å dekke meirkostnadene i 2014 innafør eige rekneskap.

Innbetalt eigenkapitalinnskot til KLP i 2014 utgjer 31.862,- medan dette utgjorde kr. 28.892,- i 2013. I 2014 var det budsjettert med eit eigenkapitalinnskot til KLP på kr. 25.000,-.

Note 4. Bundne midlar:

I balanseposten bankinnskot inngår skattetrekkmidlar med kr. 270 011,-.
Dette er trekt skattetrekk i lønsutbetalingane for 6. termin 2014 og er oppgjort i 2015.

Note 5. Årsresultat, avsetningar og bruk av avsetningar:

	<u>Disposisjonsfond:</u>	<u>Årsresultat:</u> 2013	<u>Sum 31.12.13 :</u>	<u>Sum 31.12.14:</u>
Saldo 1.1.2014	274.211,99	0,-	156.640,71	730.005,76
Avsetningar	573.365,05	573.365,05	573.365,05	0,00
Bruk av				
Avsetningar	- 117.571,28	(dekning 2012)	0,00	0,00
Dekning årets meirforbruk	- 383.571,06			-383.571,06
Saldo pr. 31.12.2014	346.434,70	573.365,05	730.005,76	346.434,70

I samband med årsoppgjøret for 2012 vart det av Samstyret i samband med rekneskapsgodkjenninga gjort vedtak om å dekke meirkostnadene i 2012, kr. 117.571,28, ved bruk av tidlegare års avsetningar. Beløpet er teke inn som budsjettregulering i 2013 og disposisjonsfondet er redusert tilsvarande. I 2013 kom årsrekneskapen ut med eit mindreforbruk på kr. 573.365,05, som i sin heilskap vart overført og avsett til disposisjonsfond; - nettopp med tanke på å kunne møte ein meirkostnad som ein var klar over ville kome i årsrekneskapen for 2014. Meirforbruket i årsrekneskapen for 2014 utgjer kr. 383.571,06, og er noko større ein det som vart antyda overfor Arbeidsutvalet og Samstyret hausten 2014. Samstyret gjorde vedtak, i sak 12/2014, den 15.10.14, at meirkostnader i 2014-rekneskapen skal gjerast opp med bruk av avsette midlar frå tidlegare år.

Meirforbruk i 2014, inndekning ved bruk av avsette midlar frå tidlegare år:

Ettersom driftsrekneskapen for KRYSS Revisjon for 2014 er gjort opp med eit reelt meirforbruk/underskot på kr. 383.571,06, er det i samband med rekneskapsavslutninga for 2014, og i samsvar med føringar og vedtak gjeve av Arbeidsutvalet og Samstyret i 2014, føreteke bokføringar i årsoppgjøret for 2014 som gjer at meirforbruket i 2014 er inndekka. Det er nytta avsette midlar frå tidlegare år til inndekning av meirkostnadene i 2014. Beløpet er henta frå disposisjonsfondet. Som ein konsekvens av dette er avsette midlar redusert tilsvarande. Etter at meirforbruket i 2014, kr. 383.571,06, i sin heilskap er inndekka ved bruk av tidlegare års avsetningar, er det igjenståande på frie fondsmidlar kr. 346.434,70 pr. 31.12.2014. Det vert vist til det som er innteke i Årsrapporten for 2014 kring dette, samt det som går fram av Note 15 og 16 nedanfor.

Note 6. Kapitalkonto

	2013	2014
Inngående balanse pr. 01.01.2014	268.428,00	297.320,00
Eigenkapitalinnskot i Kommunal Landspensjonskasse	28.892,00	31.862,00
Utgående balanse pr. 31.12.2013	<u>297.320,00</u>	<u>329.182,00</u>

Note 7. Endring i arbeidskapitalen - pr. 31.12.2014

Balanserekneskapen	2014	2013	Endring
2.1. Omløpsmidlar	1 505 656,86	1 700 630,75	
2.3. Kortsiktig gjeld	- 1 159 222,16	- 970 624,99	
	<u>346 434,70</u>	<u>730 005,76</u>	383 571,06
Driftsrekneskapen			
Økonomisk oversikt drift:			
Driftsinntekter 600 – 899	- 7 986 128,21		
Driftsutgifter 001 – 499	8 393 294,27		
Avskrivningar 590	0,00		
Eksterne finansinntekter 900 – 921	- 57 506,00		
Eksterne finanskostnader 500 – 521	33 911,00		
Motpost avskrivningar	0,00		
Endring i arbeidskapitalen	<u>383 571,06</u>		<u>383 571,06</u>
			0,00

Note 8. Trafikkuhell, leigebilavtale, m.v.

KRYSS Revisjon fekk havari på sin leigebil hausten 2014. Den blei påkjørt bakfrå i ei forholdsvis stor trafikkulukke der fire bilar var involvert. Dagleg leiar var sjåfør i leigebilen og kom frå ulukka utan særlege skader. Dagleg leiar var ikkje ansvarleg for ulukka og KRYSS Revisjon skulle haldast skadeslaus for ulukka og skadane på bilen. KRYSS Revisjon vart av skadeforvoldar sitt forsikrings-selskap halden med erstatningsbil i nærmare tre månader, og ettersom skadane på bilen var omfattande og store, valde ein å inngå ny leigeavtale. Normalt skulle avtalen reforhandlast i januar 2015. Ein fekk såleis ekstrakostnader å betale i form av kontantinnskot i 2014, samstundes som ein også måtte betale momsen i forsikringsoppgjøret, for så å få dette refundert i ettertid frå skatteetaten. Alt dette er oppgjort i 2014-rekneskapen. Kostnadene elles er i tråd med normal drift og justert i tråd med leigeavtalen og prisjusteringar i året.

Under art 12101 'Leige av transportmiddel' er det utgiftsført kr. 110.356,-, mot ein budsjettert sum på kr. 70.000,-. Meirkostnaden her skuldast betalt meirverdiavgift i forsikringsoppgjør etter trafikkulukke, med skifte av bil og kontantinnskot i den samanheng; jfr. Samstyresak 12/2014. Meirverdiavgifta er refundert i sin heilskap; jfr. det som er nemnt under Note 14, nedanfor punkt 'refusjon av meirverdiavgift'

Note 9. Fagleg oppdatering, kursdeltaking, reiseutgifter, mv.

Utgiftspost, art 11500, 'fagleg oppdatering, kurs, mv.' viser eit forbruk på kr. 207.384,50, mot ein budsjettert sum på kr. 140.000,-. Denne posten må sjåast i samanheng med art 11600 'reiseutgifter', (med budsjett kr. 185.000,-, og utgiftsført brukt kr. 173.507,1). Jamfør her også andre reise- artar; - artane 11702 (skyssutgifter), 11703, (drift leigebil), og 11705 (refusjon utlegg skyss/transport). Ser vi alle artane under eitt her, har vi i 2014 ei overskriding som bl.a. skuldast kursing av to nyttilsette, ekstra samlingar for personalet, samstundes som innføringa av *Descartes* har påført oss kostnader som ikkje først var medrekna i budsjettet. Dagleg leiar gjorde greie for dette i eigen sak overfor Samstyret 15.10.14. Det er vanskeleg å eksakt budsjettere desse postane på detaljnivå.

Note 10. Inventar og utstyr

Det er i 2014 utgiftsført kr. 130.948,-, mot ein budsjettert sum på kr. 50.000,-. Overskridinga kan åleine forklarast med ekstrarekningar for div utstyr, telefoni, lap-top'ar, docking-stasjonar, oppgradert utstyr, mv. frå SYS IKT. (operativsystemet som vi hadde (XP) er utgått, og vi måtte over på Windows7, med alt datautstyr). Det er også anskaffa nokre nye mobiltelefonar sidan stasjonære fasttelefonar er teke ut av det nye systemet (Lynch-systemet). Vi har alle fått nye telefonnummer (head-set, m.v.) i det nye telefonisystemet, Lynch-systemet, drifta frå Rådhuset i Førde. Dette gjorde dagleg leiar greie for i eigen sak overfor Samstyret i oktober 2014, med spørsmål om budsjettreguleringar (ref. Samstyresak 12/2014, 15.10.14). Det er såleis lagt om telefoni-systemet, der fasttelefonar også er teke bort, både på hovudkontoret i Førde og på regionskontora i Flora og i Hyllestad. Samtundes har vi også måtte skifte ut heile maskinparken, stasjonære maskiner og lap-top'ar. Vi hadde ein god dialog med SYS IKT på dette og fekk godt utstyr til ein forholdsvis rimeleg pris, når ein ser alt under eitt. På grunn av omleggingar innafor SYS IKT-samarbeidet 10 kommunar imellom, valde vi å gå inn i omleggingane i 2014. Omleggingane ville uansett ha kome, og var vi ikkje med i første runde, ville kostnadene kunne bli vesentleg større. Vi følgde anbefalingane frå SYS IKT og er idag godt nøgde med resultatet. Etter dagleg leiar si oppfatning var det riktig å ta dei grep som vart gjorde på maskinsida i 2014. Kostnadene er i samsvar med dei føringar som var antyda overfor Arbeidsutvalet i september og Samstyret i oktober 2014. Også det nye revisjonsverktøyet, Descartes, er anskaffa og sett i drift i 2014.

Note 11. Husleige, straum, reinhald

For 2014 vart det på art 11900, Husleigeutgifter, budsjettert med samla sum på kr. 270.000,-. Rekneskapen viser eit forbruk på kr. 327.249,40, som også har i seg kostnader til andel felleskostnader, straum og reinhald. I 2014 er det på eigen art (art 11800) budsjettert med kr. 25.000,- i straumutgifter, som er/var tiltenkt utgifter knytta til regionskontora. Alt er ført på art 11900 i 2014. Overskridinga skuldast at det i 2014 er utgiftsbelasta andel felleskostnader for regionskontoret i Hyllestad, avrekning både for 2013 og avrekning for 2014. Framover må det takast omsyn til prisjusteringar i høve husleigeavtalene med Førde kommune, Flora kommune og Hyllestad kommune.

Note 12. IKT, Serverløysing, m.v.

KRYSS Revisjon har ein eigen samarbeidsavtale med det interkommunale IKT-samarbeidet (SYS IKT). Det er i 2014 gjort opp i tråd med avtalen, og i tillegg har vi hatt ein del uforutsett support i samband med utskifting av materiell, ny maskinvare, osv.; - jfr. det som er nemnt under Note 10.

Note 13. Kontingentar

Lisensar for Descartes er utgiftsført på eigen konto, art 11950, med kr. 13.416,40. Det gjeld driftsdelen for 2014, og kjem i tillegg til avtalen med SYS IKT (art 11957), som har i seg kostnader med kr. 25.800,- mot budsjettert sum kr.48.000,-.

Kontingentar til KS vert rekna av lønsgrunnlaget og er utgiftsført med kr. 25.548,-, mot budsjettert sum kr. 20.000,-. Dette dekker KRYSS Revisjon sin medlemskap i KS Bedrift og dei ressursar som vi har til rådighet der. Tilsvarende er det utgiftsført kr. 52.028,- til NKRF (Norges Kommunerevisorforbund). Her utgjør budsjettert sum kr. 68.000,-, og årsaka til mindrekostnaden her, er at vi i 2014 ikkje har hatt ekstern kvalitetskontroll på vårt arbeid.

Note 14. Inntekstpostane

Sjukepengar/fødselspengar:

Sjukefråværet er lite og det er gjenspeila i rekneskapen. Det er ingen refusjonsbeløp i 2014; både for det som gjeld sjukepengar og fødselspengar.

Overføringar frå kommunane:

Revisjonshonorara frå eigarkommunane utgjer kr. 7.256.000,-. Ressursbruken er i tråd med det som har vore planlagt for 2014, og dette er også i tråd med budsjettet sum. Alle eigarkommunane har betalt sine honorar for 2014. KRYSS Revisjon sitt mindreforbruk i 2014 vart avsett til disposisjonsfond i tråd med vedtak av Samstyret i mai 2014. Delar av dette er nytta til dekning av meirkostnadene i 2014, slik Samstyret har gjort vedtak om i sak 12/2014, den 15.10.2014; - jfr. det som er teke inn i Årsrapporten for 2014 og i *Note 15 og 16* nedanfor.

Overføringar frå andre:

Det vert vist til spesifisert artskontoplan for inntektene. Avgiftspliktig omsetning vert ført på art 16500, og viser inntekter med kr. 106.500,-, mot eit budsjett på 140.000,-. Avviket her skuldast oppdrag som er gått ut av oppdragsportefølgjen.

Overføringar frå andre, føretak, særbedrifter, m. m., viser inntekter med høvesvis kr. 31.280,- (art 17700) og kr. 395.000,- (art 17800). Dei korresponderande budsjettala for desse inntekstpostane viser kr. 50.000,- og kr. 411.000,-. Det må her gjerast merksam på at eit par kommunale føretak er nedlagt og teke inn att i kommunerekneskapen i berørt kommune, og eitpar andre småoppdrag er omorganisert og gått ut av oppdragsportefølgjen til KRYSS Revisjon.

Det er også verd å merke seg at inntekter er uteblitt på grunn av manglande gjennomføring av påtenkt internkursing, fagdagar, dagsseminar, mv., i eigenregi av KRYSS Revisjon, for eigarkommunane og andre i oppdragsportefølgjen. Ein gjennomførte eitt felles dagsseminar for kyrkjerekneskapane, kyrkjevevjer og rekneskpasførarar/revisorar på slutten av året. Ein klarte likevel ikkje å få til det ein såg føre seg hausten 2013 då budsjettet vart lagt.

Refusjon av meirverdiavgift:

Samla sum refundérbar meirverdiavgift går fram av både utgiftssida og inntektssida. For 2014 utgjer sum refusjonskrav meirverdiavgift etter momskompensasjonsregimet kr. 197.348,21. Dette er ca kr. 42.000,- meir enn for 2013 og skuldast i all hovudsak betalt meirverdiavgift i forsikringsoppgjøret etter trafikkulukke, som også er inntektsført i 2014.

Finansinntekter/Renteinntekter:

Det er i 2014 innteksført renteinntekter med kr. 55.548,-, mot budsjettet kr. 40.000,-. Dette vert forklart med stort sett rettidige innbetalningar frå kommunane og oppdraga, og dei rentebetingelsar KRYSS Revisjon har fått til for sine likvide midlar, med sin bankforbindelse.

Note 15. Interne finansieringstransaksjonar

Bruk av interne finansieringstransaksjonar er artar som vert nytta for å synleggjere/bokføre bruk av avsetningar eller tilføring av avsetningar til eigenkapitalen. Slik rekneskapen er presentert på detaljnivå, blåser desse transaksjonspostane opp både utgiftssida og inntektssida i rekneskapen.

I 2013 kom driftsrekneskapen ut med eit positivt netto driftsresultat på kr. 573.365,05, som i all hovudsak skreiv seg frå sparte løns- og sosiale kostnader; bl.a. som følge av vakanse i ledig stillingsheimel i første halvår av 2013. Driftsresultatet for 2013 vart framført som unytta ved årsskiftet, og Samstyrt gjorde vedtak om å avsette dette som eit buffertfond for å kunne møte framtidige økonomiske utfordringar. I oktober 2014 gjorde Samstyret vedtak om at eit meirforbruk i 2014 skulle dekkast inn ved bruk av avsette midlar frå tidlegare år. Årsrekneskapen for 2014 viser eit reelt meirforbruk på kr. 383.571,06. Dette beløpet er inndecka i årsrekneskapen for 2014, ved at same sum er henta frå avsette midlar og nytta til inndecking av meirforbruket i 2014. Rekneskapen for 2014 er såleis gjort opp i null.

Restbeløp som er inneståande på KRYSS Revisjon sitt disposisjonsfond pr. 31.12.2014 utgjer kr. 346.434,70. Den einskilde kommune sitt eigarskap til dette går fram av oppsettet nedanfor. Beløpet framstår som eit buffertfond for å møte framtidige økonomiske utfordringar som KRYSS Revisjon vil stå overfor.

Dersom ein nyttar fordelingsreglane og statusen i oppgjeret elles for 2014, og eit snitt av fordelingen dei siste åra, vil den einskilde kommune sin andel i driftsresultatet (andel i mindreforbruket/årsoverskotet) sjå slik ut:

Kommunevisse fordeling andel, KRYSS Revisjon sitt buffertfond/disposisjonsfond 31.12.2014									
Årsrekneskapen for KRYSS Revisjon for 2014 - Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord									
Askvoll	27 957,28	Forde	39 361,91	Jølster	30 271,46		8,070 %	27 957,28	Askvoll
Bremanger	34 272,79	Gaular	31 210,30	Naustdal	24 867,08		9,893 %	34 272,79	Bremanger
Fjaler	34 588,04	Gulen	34 265,86	Solund	22 920,12		9,984 %	34 588,04	Fjaler
Flora	38 838,79	Hyllestad	27 881,07			Samla sum:	11,211 %	38 838,79	Flora
Sum	135 656,90	Sum	132 719,14	Sum	78 058,66	346 434,70	11,362 %	39 361,91	Forde
							9,009 %	31 210,30	Gaular
							9,891 %	34 265,86	Gulen
							8,048 %	27 881,07	Hyllestad
							8,738 %	30 271,46	Jølster
							7,178 %	24 867,08	Naustdal
							6,616 %	22 920,12	Solund
							100,000 %	346 434,70	Totalt

Forde, 31.12.2014/18.02.2015

Terje Forde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Beste estimat lagt til grunn ut frå fordelingsnøkkel, 1/4 fast, 1/4 folketal og 2/4 medgått tid.

Identisk med ressursfordeling i budsjett og avrekningsoppgjør for 2014 på oppdraga innafor KRYSS Revisjon sin oppdragsportefølgje i driftsåret 2014

Note 16. Kommunespesifikasjon av honorarstorrelser fordelt i 2014

Spesifikasjon av honorarstorrelser for eigarkommunane for driftsåret 2014 :										
Dok.id.:Jnr. 013/2015, //kommunefordeling honorar 2014										
Sum kostnader i årsrekneskapen for 2014, til fordeling på kommun						Sum kommune	Bruttokostnad	8 427 205,27	(ekskl. avsett frå 2013)	
							Andre inntekter	-787 634,21	fråtrekk alle andre inntekter	
							Avsette midlar	-383 571,06	(bruk av disposisjonsfondet)	
Vedtektene sine fordelingskrav: 1/4 fast, 1/4 folketal, 2/4 medgått tid.						Sum fordeling på kommunane		7 256 000,00	(Er identisk med budsjettet)	
Til samanlikning										
Kommune:	Folketal	Fordeling	Fordeling	Ressurs	Rekneskap	Samandrag	Avrunda			
	311214	1/4 fast	1/4 folketal	fordeling	Medgått tid	Sum 2014	Beløp 2014	Budsjett 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
1401 Flora	11845	164 909,09	450 231,12	11,07	401 771,48	1 016 911,69	1 016 900,00	1 016 900,00	955 600,00	864 200,00
1411 Gulen	2334	164 909,09	88 715,87	9,85	357 256,48	610 881,44	610 900,00	610 900,00	573 200,00	518 600,00
1412 Solund	798	164 909,09	30 332,16	6,66	241 716,31	436 957,56	436 900,00	436 900,00	408 500,00	370 200,00
1413 Hyllestad	1405	164 909,09	53 404,87	8,00	290 420,59	508 734,55	508 800,00	508 800,00	477 500,00	433 200,00
1428 Askvoll	3008	164 909,09	114 334,76	8,11	294 357,82	573 601,67	573 600,00	573 600,00	536 200,00	485 500,00
1429 Fjaler	2844	164 909,09	108 101,08	9,93	360 267,31	633 277,48	633 300,00	633 300,00	592 800,00	539 400,00
1430 Gaular	2944	164 909,09	111 912,92	9,04	327 971,20	604 793,21	604 800,00	604 800,00	564 800,00	509 800,00
1431 Jølster	3028	164 909,09	115 094,96	8,79	319 114,04	599 118,10	599 200,00	599 200,00	561 200,00	507 500,00
1432 Forde	12813	164 909,09	487 025,02	11,40	413 581,11	1 065 515,22	1 065 400,00	1 065 400,00	993 800,00	897 800,00
1433 Naustdal	2807	164 909,09	106 694,70	7,18	260 570,74	532 174,53	532 200,00	532 200,00	497 600,00	449 500,00
1438 Bremanger	3898	164 909,09	148 163,86	9,95	360 961,60	674 034,55	674 000,00	674 000,00	634 800,00	576 300,00
	47724	1 813 999,99	1 814 000,01	100,00	3 627 988,68	7 256 000,00	7 256 000,00	7 256 000,00	6 796 000,00	6 152 000,00

Alle andre inntektsføringar og honorarstorrelsane for dei kommunale særbedrifter, foretak, stiftingar, overformynderi, legat, osv., er trekt ut for fordeling på kommunane. Oppstillingane over honorarstorrelsane for særbedrifter, foretak, m.v., går fram av eige skjema, og er budsjettert og rekneskapsført for seg under eigen art; jfr. artane 17705, 17700 og 17800 (momsfri omsetning) og art 16500 (avg.pl. omsetning).

Det må her takast i betraktning at ein del av kommunane har sine honorar for bl.a. kyrkjelege fellesråd (sokna), overformynderia, m.fl., er 'innbake' i avtale mellom kommune og oppdraget. Slik avtalane mellom kommunen og fellesrådet er, er det opp til kommunen å eventuelt krevje refusjon frå særbedrifta/fellessrådet. Einskilde kommunar ser dette i samanheng med 'kommunetilskotet'/avtalen med fellessrådet. (overformynderia er gått ut av oppdragsportefølgjen frå og med 01.07.2013).

For KRYSS Revisjon kunne det vore greitt at ein sende faktura direkte til samtlege oppdrag, men moglege avtaler mellom kommune og foretak/særbedrift kan hindre dette. Ved ei eventuell direktefakturering frå KRYSS Revisjon ville kommunen sitt honorar vere tilsvarande redusert, for det som dette gjeld beløpsmessig. Honorarstorleikane for særbedrifter, foretak og andre oppdrag er fastsett i tråd med den storleik som er fastsett ved budsjettgokjenninga for 2014.

Det vert for øvrig vist til Årsrapporten for KRYSS Revisjon for 2014, d. 20. februar 2015

Førde,
31. desember 2014
20. februar 2015

Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Spesifikasjon av honorarstørrelser for eigarkommunane for driftsåret 2014 :

Dok.id.:Jnr. 013/2015. //kommunefordeling honorar 2014

Sum kostnader i årsrekneskapen for 2014, til fordeling på kommuna

Sum kommune	Bruttokostnad	8 427 205,27	(ekskl. avsetn frå 2013)
7 256 000,00	Andre inntekter	-787 634,21	fråtrekk alle andre inntekter
	Avsette midlar	-383 571,06	(bruk av disposisjonsfondet)
Sum fordeling på kommunane		7 256 000,00	(Er identisk med budsjettet)

Vedtektene sine fordelingskrav: 1/4 fast, 1/4 folketal, 2/4 medgått tid.

Kommune:	Folketal 311214	Fordeling 1/4 fast	Fordeling 1/4 folketal	Ressurs fordeling	Rekneskap Medgått tid	Samandrag Sum 2014	Avrunda Beløp 2014	Til samanlikning		
								Budsjett 2014	Rekneskap 2013	Rekneskap 2012
1401 Flora	11845	164 909,09	450 231,12	11,07	401 771,48	1 016 911,69	1 016 900,00	1 016 900,00	955 600,00	864 200,00
1411 Gulen	2334	164 909,09	88 715,87	9,85	357 256,48	610 881,44	610 900,00	610 900,00	573 200,00	518 600,00
1412 Solund	798	164 909,09	30 332,16	6,66	241 716,31	436 957,56	436 900,00	436 900,00	408 500,00	370 200,00
1413 Hyllestad	1405	164 909,09	53 404,87	8,00	290 420,59	508 734,55	508 800,00	508 800,00	477 500,00	433 200,00
1428 Askvoll	3008	164 909,09	114 334,76	8,11	294 357,82	573 601,67	573 600,00	573 600,00	536 200,00	485 500,00
1429 Fjaler	2844	164 909,09	108 101,08	9,93	360 267,31	633 277,48	633 300,00	633 300,00	592 800,00	539 400,00
1430 Gaular	2944	164 909,09	111 912,92	9,04	327 971,20	604 793,21	604 800,00	604 800,00	564 800,00	509 800,00
1431 Jølster	3028	164 909,09	115 094,96	8,79	319 114,04	599 118,10	599 200,00	599 200,00	561 200,00	507 500,00
1432 Førde	12813	164 909,09	487 025,02	11,40	413 581,11	1 065 515,22	1 065 400,00	1 065 400,00	993 800,00	897 800,00
1433 Naustdal	2807	164 909,09	106 694,70	7,18	260 570,74	532 174,53	532 200,00	532 200,00	497 600,00	449 500,00
1438 Bremanger	3898	164 909,09	148 163,86	9,95	360 961,60	674 034,55	674 000,00	674 000,00	634 800,00	576 300,00
	47724	1 813 999,99	1 814 000,01	100,00	3 627 988,68	7 256 000,00	7 256 000,00	7 256 000,00	6 796 000,00	6 152 000,00

Alle andre inntektsføringar og honorarstørrelsane for dei kommunale særbedrifter, føretak, stiftingar, overformynderi, legat, osv., er *trekt ut før fordeling på kommunane*. Oppstillingane over honorarstørrelsane for særbedrifter, føretak, m.v., går fram av eige skjema, og er budsjettet og rekneskapsført for seg under eigen art; jfr. artane 17705, 17700 og 17800 (momsfri omsetning) og art 16500 (avg.pl. omsetning).

Det må her takast i betraktning at ein del av kommunane har sine honorar for bl.a. kyrkjelege fellestråd (sokna), overformynderia, m.fl., er 'innbaka' i avtale mellom kommune og oppdraget. Slik avtalane mellom kommunen og fellestrådet er, er det opp til kommunen å eventuelt krevje refusjon frå særbedrifta/fellestrådet. Einskilde kommunar ser dette i samanheng med 'kommunetilskotet'/avtalen med fellestrådet. (overformynderia er gått ut av oppdragsportefølgjen frå og med 01.07.2013).

For KRYSS Revisjon kunne det vore greitt at ein sende faktura direkte til samtlige oppdrag, men moglege avtaler mellom kommune og føretak/særbedrift kan hindre dette. Ved ei eventuell direktefakturering frå KRYSS Revisjon ville kommunen sitt honorar vore tilsvarande redusert, for det som dette gjeld beløpssmessig. Honorarstorleikane for særbedrifter, føretak og andre oppdrag er fastsett i tråd med den storleik som er fastsett ved budsjettgokjenninga for 2014.

Kommunerevisjonen

Ytre Sogn og Sunnfjord

1. Etasje

Årsrekneskapen for 2014 - KRYSS Revisjon

- Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord -

Kommunevise fordeling andel, KRYSS Revisjon sitt buffertfond/disposisjonsfond 31.12.2014

Årsrekneskapen for KRYSS Revisjon for 2014 - Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

Askvoll	27 957,28	Førde	39 361,91	Jølster	30 271,46	8,070 %	27 957,28	Askvoll
Bremanger	34 272,79	Gaular	31 210,30	Naustdal	24 867,08	9,893 %	34 272,79	Bremanger
Fjaler	34 588,04	Gulen	34 265,86	Solund	22 920,12	9,984 %	34 588,04	Fjaler
Flora	38 838,79	Hyllestad	27 881,07			11,211 %	38 838,79	Flora
Sum	135 656,90	Sum	132 719,14	Sum	78 058,66	11,362 %	39 361,91	Førde
Samla sum:							31 210,30	Gaular
							34 265,86	Gulen
							27 881,07	Hyllestad
							30 271,46	Jølster
							24 867,08	Naustdal
							22 920,12	Solund
						100,000 %	346 434,70	Totalt

Beste estimat lagt til grunn ut
frå fordelingsnøkkel, 1/4 fast,
1/4 folketal og 2/4 medgått tid.
Identisk med ressursfordeling og
berekna andelsforhold i samband
med avsetninga som blei gjort i
mai 2015, av Samstyret då mindre-
forbruket i 2013 vart avsett

Førde, 31.12.2014/18.02.2015


Terje Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Dok.id.: Innr. 015/2015, //kommuneandel buffertfond disp, fond 31122014

BALANSEREKNESKAP 31.12.2014 - KRYSS REVISJON
Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord

Spesifisert balanserekneskap pr. 31.12.2014, KRYSS Revisjon

Konto	Konto (T)	Spes	Spes (T)	Beløp 2014	Beløp 2013
Aktiva; Eigendelar					
21020000	Bankkonto folio			1 031 977,11	1 254 793,07
21020100	Bankkonto OCR			17 571,75	9 304,15
21098000	Skattetrekk			270 011,00	230 726,00
21314007	MVA-kompensasjon NY			197 347,00	155 807,53
21375002	Kundefordringar (manuelle)			-11 250,00	7 500,00
21375998	Kundereskontro				42 500,00
22141001	Eigenkapitaltilskot	1020	Eigenkapitalinnskot	329 182,00	297 320,00
Sum Aktiva:				1 834 838,86	1 997 950,75
Passiva; Eigenkapital og gjeld:					
23214001	Skattetrekk			270 011,00	230 726,00
23214005	Konto for Fylkesskattesjefen			8 995,00	16 127,00
23275161	Tariffesta OU fond			6 909,14	6 654,58
23275181	Feriepengar ferieår			547 579,13	456 604,88
23275183	Arb.gj.avg. ferieår			58 043,39	48 400,10
23299001	Leverandørgjeld (manuelle)				-396 229,60
23299003	Nettolønn tilsette				254 999,60
23299004	Trekkeigar 1 månad				141 230,00
23299180	Avsett arb.gj.avg. pliktig løn			142 502,00	109 498,00
23299998	Leverandørreskontro			125 182,50	102 614,43
25699700	Disposisjonsfond	1030	Disp.fond	346 434,70	156 640,71
25950000	Rekneskapsmessig mindreforbruk	1040	Overskot		573 365,05
25990001	Kapitalkonto	1060	Kapitalkto	329 182,00	297 320,00
Sum passiva:				1 834 838,86	1 997 950,75
Sum total avstemming				0,00	0,00

Førde den 31.12.2014 / 18. februar 2015


 Terje Førde
 Dagleg leiar/Revisjonssjef

 Kommunerevisjonen i
 Ytre Sogn og Sunnfjord

KOMMUNEREVISJONEN I NORDFJORD

KOMMUNEREVISJONEN Ytre Sogn og Sunnfjord KRYSS-REVISJON

Dato: 27.02.2015 Off:
Sak nr. 022-2015 Reg.nr.:
Arkiv: 210 & 14
Avd.kode: 1499
Sakshandsamar T.F.

Til

Styret for Kommunerevisjonen i Ytre Sogn og Sunnfjord (KRYSS)

Revisjonsmelding 2014

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for det interkommunale samarbeidet KRYSS som er oppgjort i balanse mellom inntekter og utgifter etter inntektsføring/bruk av fond, kr 383 571,06, i samsvar med styrevedtak 12/2014. Rekneskapen er samansett av driftsrekneskap, balanse, ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gi uttrykk for ei meining om årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk, medrekna internasjonale standardar for revisjon. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å sikre at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for

Org.nr: 976 304 470	Kommune: EID GLOPPEN HORNINDAL SELJE STRYN VÅGSØY	Adresse: Rådhusvegen 11 Postboks 300 Postboks 24 Tonningsgata 4 Postboks 294	6770 Nordfjordeid 6821 Sandane 6761 Hornindal 6740 Selje 6783 Stryn 6701 Måløy	Telefon: 57 88 58 87 57 00 92 64 57 87 98 08 97 99 04 26 57 87 48 18 -19 57 84 50 29
------------------------	---	---	---	--

KOMMUNEREVISJONEN I NORDEFJORD

samarbeidet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av samarbeidet sin interne kontroll. Revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er formålstenlege, og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avlagt i samsvar med lov og forskrifter og gir ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til samarbeidet per 31.12. og av resultatet for rekneskapsåret.

Uttale om andre tilhøve

Konklusjon om budsjett

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at dei disposisjonar som ligg til grunn for rekneskapen er i samsvar med budsjettvedtak, og at beløpa i årsrekneskapen stemmer med regulert budsjett.


Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av samarbeidet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk.

Stryn, den 27.2.2015



Markvard Sunde

Revisjonssjef



Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Rapport frå tilsyn med kommunens arbeid med oppfølging av meldingar

i

Førde kommune

Førde og Gaular barnevernsteneste

Adressa til verksemda: Postboks 338, 6802 Førde
Tidsrom for tilsynet: 04.03.2015 – 29.06.2015
Kontaktperson i verksemda: Ove Mjåtveit

Samandrag

Rapporten gjer greie for avvik som vart avdekte innanfor dei reviderte områda. Systemrevisjonen gjaldt kommunens arbeid med meldingar og tilbakemelding til meldaren.

Tilsynet såg på følgjande undertema:

- at meldingar til barnevernstenesta vert forsvarleg vurdert
- at plikta til å gje tilbakemelding til meldaren vert ivareteken på ulike trinn i sakshandsaminga

Fylkesmannen avdekte to avvik under systemrevisjonen i Førde kommune.

Avvik 1:

Kommunen sikrar ikkje forsvarleg vurdering av alle meldingar

Avvik 2:

Kommunen sikrar ikkje at offentleg meldar får tilbakemelding etter avslutta undersøking

Dato: 29.06.2015

Line Pedersen Døsen
revisjonsleiar

Turid Måseide
revisor

Innhald

1. Innleiing.....	3
2. Omtale av verksemda - spesielle forhold	3
3. Gjennomføring.....	3
4. Kva tilsynet omfatta	4
5. Funn.....	4
6. Vurdering av styringssystemet i verksemda	7
7. Regelverk	7
8. Dokumentunderlag.....	8
9. Deltakarar ved tilsynet	8

1. Innleiing

Rapporten er utarbeidd etter systemrevisjon ved Førde kommune, Førde og Gaular barnevernsteneste i perioden 04.03.2015 – 29.06.2015. Revisjonen går inn som ein del av den planlagde tilsynsverksemda hos Fylkesmannen i 2015, og er ein del av eit landsomfattande tilsyn, gjennomført etter oppdrag frå Statens Helsetilsyn.

Fylkesmannen fører tilsyn med den kommunale barnevernstenesta med heimel i barnevernlova § 2-3 fjerde ledd, og § 2-3 b.

Føremålet med systemrevisjonen er å vurdere om kommunen gjennom sin internkontroll tek i vare/sikrar at barnevernstenesta etterlever krava i lovgjevinga. Under revisjonen vart følgjande undersøkt:

- kva tiltak verksemda har for å avdekkje, rette opp og førebyggje brot på lovgjevinga innanfor dei temaa tilsynet omfattar
- om tiltaka vert følgde opp i praksis og om nødvendig korrigerer
- om tiltaka er gode nok til å sikre at lovgjevinga vert følgd

Ein systemrevisjon vert gjennomført ved dokumentgransking, intervju og andre undersøkingar.

Rapporten gjer greie for avvik som er avdekte under revisjonen og gir derfor inga fullstendig tilstandsvurdering av det arbeidet kommunen har gjort innanfor dei områda som tilsynet omfatta.

Avvik dreier seg om at krav som er gitt i eller i medhald av lov eller forskrift, ikkje er oppfylte.

2. Omtale av verksemda - spesielle forhold

Førde og Gaular barnevernsteneste vart 1. september 2014 ei interkommunal teneste, med Førde kommune som vertskommune. Til saman har desse to kommunane om lag 15 700 innbyggjarar. Førde og Gaular barnevernsteneste er ei av dei største barnevernstenestene i Sogn og Fjordane. Barnevernstenesta ligg under eininga helse og barn, saman med helsestasjonen.

Barnevernstenesta har tenesteleiar/barnevernsleiar, fagleiar, 10 sakshandsamarstillingar, 3,83 tiltaksstillingar og merkantilt personell i 90% stilling.

Førde og Gaular barnevernsteneste har for 2014 rapportert at dei har motteke 162 meldingar.

3. Gjennomføring

Systemrevisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

Revisjonsvarsel vart sendt ut 04.03.2015. Oversikt over dokument som verksemda har sendt over i samband med tilsynet, motteke her 08.04.2015, går fram i kapittel 7, dokumentunderlag.

Opningsmøte vart halde 19.05.2015
Intervju: 8 personar vart intervjuja
Sluttmøte: vart halde 21.05.2015
Førebels rapport: vart sendt ut 12.06.2015

4. Kva tilsynet omfatta

Føremålet med tilsynet er å undersøkje om norske kommunar gjennom sine styringstiltak sikrar at meldingar til barnevernstenesta vart følgt opp i samsvar med gjeldande regelverk, jf. barnevernlova.

Tilsynet omfattar følgjande tema:

- at meldingar til barnevernstenesta vert forsvarleg vurdert
- at plikta til å gje tilbakemelding til meldaren vert ivareteken på ulike steg i sakshandsaminga

Barnevernstenesta har eit særskilt ansvar for at omsorgssvikt, åtferds-, sosiale og emosjonelle problem vert avdekt så tidleg at barnet ikkje får varige problem. Barnevernstenesta skal behandle bekymringsmeldingar straks dei kjem inn, slik at ingen meldingar vert liggande ubehandla. Gjennomgangen av meldingar skal vere forsvarleg og dei barnevernsfaglege vurderingane skal vere i samsvar med vilkåra i lova, slik at meldingar ikkje vert henlagt på feil grunnlag. I løpet av tidsfristen på ei veke skal meldinga vere gjennomgått og vurdert, og barnevernet skal ha konkludert med mellombels vedtak i akuttsituasjon, undersøking eller henlegging av saka.

Barnevernstenesta skal stadfeste at melding er motteken, jf. § 6-7a. Når meldinga kjem frå offentleg myndigheit skal barnevernstenesta også gi informasjon om korleis dei følgjer opp saka vidare, om det er opna undersøking eller om meldinga er henlagt. Vidare skal offentleg melder også ha informasjon om konklusjon på undersøkinga.

5. Funn

Avvik 1:

Kommunen sikrar ikkje forsvarleg vurdering av alle meldingar

Avvik frå: Barnevernlova § 4-2, jf. § 4-3, internkontrollforskrifta § 4 bokstav b, c, g, h

Observasjonar:

1. *Ved mappegjennomgangen fann vi 5 meldingar som ikkje var registrerte som meldingar.*
2. *Ved intervju har vi fått vite at søknader vert handsama som meldingar. Ved mappegjennomgangen såg vi 3 døme på søknader som var henlagt utan formelt vedtak om avvising/avslag og informasjon om klagerett.*
3. *I dei skriftlege rutineane går det fram at barnevernet skal sjekke eige arkiv for opplysningar om barnet/familien før konklusjon av meldinga. Ved intervju har vi fått vite at historikken vert sjekka før meldingsgjennomgang. Mappegjennomgangen viser at barnevernet ikkje systematisk dokumenterer om dei har kjennskap til barnet/familien frå tidlegare. Vi har sett døme på at barnevernet har opplysningar som ikkje er brukt. Der det går fram at*

barnevernet har kjennskap til barn/familie, går det ikkje fram kva opplysningar som er vurdert relevante for konklusjon av meldinga.

- 4. Ved intervju har vi fått vite at det ikkje er vanleg å kontakte foreldre for avklaring av melding, men mappegjennomgangen viser at det er gjort i 5 saker.*
- 5. Ved intervju har vi fått vite at barnevernet ikkje henleggjer meldingar med alvorleg innhald. Ved mappegjennomgangen har vi sett at barnevernet har henlagt slike meldingar utan at det er godt nok dokumentert kva opplysningar og vurderingar som ligg til grunn for henlegging.*
- 6. Ved mappegjennomgangen har vi sett døme på at barnevernet har henlagt meldingar på grunnlag av meldarens vurdering av barnets omsorgssituasjon, utan at barnevernets egne vurderingar er dokumenterte.*
- 7. Kommunen har skriftleg rutine som seier at dersom meldinga handlar om forhold som ikkje ligg under barnevernets ansvarsområde, skal meldinga henleggast, eventuelt visast vidare til rett instans. Ved mappegjennomgang har vi sett døme på at barnevernet ikkje har vurdert om det er grunnlag for tiltak etter barnevernlova i saker der det kan vere aktuelt med hjelp frå andre instansar. Ved intervju og mappegjennomgang har vi fått vite at barnevernet henleggjer meldingar (avviser søknader) med tilbakemelding til meldaren om kva som er rett instans.*
- 8. Ved intervju og dokumentgjennomgang har vi fått vite at det er gjort risikovurderingar som viser høg risiko for svikt i meldingshandteringa, mellom anna risiko for at meldingar ikkje vert registrerte og vurderte innanfor fristen og dårleg faktisk utøving av barnevernsfagleg skjøn ved gjennomgang av meldingane. Oppmodinga om å melde avvik gjeld generelt, ikkje for spesielle område. Leiinga har ikkje oversikt over svikt på dette området.*
- 9. Ved intervju har vi fått vite at leiinga følgjer med på at barnevernsfaglege vurderingar og avgjerder vert dokumenterte, men leiinga fangar ikkje opp manglar i vurderingsgrunnlaget eller vurderingane slik at feil vert retta opp og tilsvarande feil ikkje skjer igjen*

Avvik 2: Kommunen sikrar ikkje at offentleg meldar får tilbakemelding etter avslutta undersøking

Avvik frå: Barnevernlova § 6-7a tredje og fjerde ledd, internkontrollforskrifta bokstav g, h

Observasjonar:

- 1. Ved intervju og dokumentgjennomgang har vi fått vite at kommunen har hatt ei risikovurdering på området meldingshandtering, der risikoen for at offentleg meldar ikkje får tilbakemelding etter avslutta undersøking er vurdert som høg/middels. Ved intervju gjekk det fram at både leiar og sakshandsamarar har vore med på risikovurderinga og at rådmannen er informert om risikoen.*

2. Ved intervju gjekk det fram at det er klart for dei tilsette at det er sakshandsamar si oppgåve å gje meldaren tilbakemelding etter avslutta undersøking og kva tilbakemeldinga skal innehalde, men tenesta har ikkje kontroll med at tilbakemelding vert sendt.
3. Kommunen har system for avviksmelding, men det er ikkje registrert avvik som gjeld manglande tilbakemelding til offentleg meldar etter avslutta undersøking.
4. Ved mappegjennomgangen kom det fram at meldar får tilbakemelding om det er opna undersøking, men offentleg meldar får ikkje alltid tilbakemelding etter at undersøkinga er gjennomført, og tilbakemeldinga er ikkje alltid innanfor fristen på tre veker.

Kommentar til begge avvika:

Tenester etter barnevernlova skal vere forsvarlege. Både vurderingar, hypotesar og konklusjonar skal vere dokumenterte. Barnevernstenesta må skrive ned det som kan ha betyding for vidare utgreiing og eventuelle tiltak. Tenesta treng dokumentasjon for å sikre samanheng i arbeidet sitt, og dokumentasjonen gjer det lettare for partane å ivareta rettane sine i saka. Det er ikkje eit krav at tenesta skal dokumentere i journal, men kravet til god forvaltningsskikk inneber at det skal vere mogleg å sjå i saksdokumenta kva faglege vurderingar som ligg til grunn for barnevernstenesta sine avgjerder.

I nokre tilfelle mottek barnevernstenesta meldingar som inneheld opplysningar som krev rask avklaring og eventuelt akutt inngripen. Barnevernstenesta må difor ha eit system som til kvar tid sikrar at det ved mottak av alle bekymringsmeldingar vert gjort ei konkret vurdering av alvorssgraden i meldinga, ut frå innhald, barnets alder og tenesta sin eventuelle kjennskap til barnet/familien.

Barnevernstenesta skal gje skriftleg tilbakemelding til alle som har sendt bekymringsmelding, innan 3 veker etter motteke melding, jf. barnevernlova § 6-7a andre ledd. Dette for å styrke tilliten til barnevernstenesta, og fordi barnevernstenesta er avhengig av tillit og eit godt samarbeid med andre tenester for å kunne løyse sine oppgåver etter barnevernlova. Ved melding frå offentleg meldar eller personar med yrkesmessig teieplikt, skal barnevernet i tilbakemeldinga opplyse om det er opna undersøking eller om meldinga er henlagt, jf. § 6-7a tredje ledd. Desse meldarane skal også få tilbakemelding etter gjennomført undersøking om saka er avslutta eller vert følgt opp med tiltak. Barnevernstenesta må vurdere om den offentleg meldaren også skal ha informasjon om kva for tiltak som er iverksette.

Kommunens internkontroll skal sikre at arbeidet i barnevernstenesta er forsvarleg og i samsvar med lovkrava. Det er viktig at kommunen i si planlegging, utføring og evaluering av barnevernsverksemda er merksam på tilhøve som kan føre til sviikt i tenestene og aktivt bruker kunnskap om uønskte hendingar i forbettringsarbeidet.

6. Vurdering av styringssystemet i verksemda

Forskrift om internkontroll for kommunens oppgåver etter barnevernlova pålegg kommunen å sikre og dokumentere at dei etterlever lovkrava, jf. barnevernlova § 2-1 andre ledd. Internkontrollforskrifta inneheld konkrete krav til styring og leiing. Krava til styring og kontroll inneber mellom anna at kommunen skal avklare ansvarsforhold, ha nødvendige rutinar og prosedyrar, og sikre at alle tilsette følgjer desse. Vidare skal kommunen sikre at dei tilsette har den kompetansen dei treng for å utføre oppgåvene sine.

Førde og Gaular barnevernsteneste har skriftlege rutinar for mottak og handsaming av meldingar, men rutinane sikrar ikkje at alle meldingar som kjem inn vert registrerte, gjennomgått og vurderte. Det kan føre til at søknader frå foreldre og meldingar som skal sendast vidare til ein annan instans eller kommune ikkje vert fanga opp og handsama på rett måte.

Kommunen har vore klar over at dei ikkje alltid gjev tilbakemelding til offentleg meldar etter avslutta undersøking. Dette vil kunne medføre at samarbeidspartar ikkje er kjende med barnevernstenestas konklusjon, om det er sett i verk tiltak, eller om saka er lagt bort. Det er spesielt viktig med slik tilbakemelding dersom saka vert lagt bort fordi foreldra ikkje ønskjer hjelp, eller dersom det skal setjast i verk tiltak som den offentlege meldaren treng å ha kjennskap til i si oppfølging av barnet og familien.

Kommunen har gjort risikovurderingar som mellom anna viser at det er høg risiko for svikt i meldingsavklaringa. Det er likevel vanskeleg å sjå kva kommunen har gjort av endringstiltak for redusere denne risikoen. Det er viktig å dokumentere kva vurderingar som ligg til grunn for ei avgjerd, slik at det i ettertid er mogleg å sjå kva faglege vurderingar som er gjort. Dette er spesielt viktig der meldinga vert henlagt, sidan terskelen for å opne ei undersøking skal vere låg.

Kommunen har vurdert at det kan vere stor fare for svikt i meldingshandteringa, og at konsekvensen ved svikt vil vere stor. Dei tiltaka kommunen har sett i verk for å redusere risikoen for svikt på dette området, er endring av dei skriftlege rutinane og gjennomgang av rutinane i møte. Leiinga har ikkje sett i verk kontrolltiltak for å førebyggje, avdekke og følgje opp svikt på området. Dette syner manglar i arbeidet med å korrigere og forbetre område der det er fare for svikt. Konsekvensane av denne svikten kan vere at barn ikkje får den hjelpa dei treng til rett tid, og at barn vert buande under dårlege omsorgstilhøve.

7. Regelverk

- FNs barnekonvensjon (barnekonvensjonen)
- Lov om barnevernstenester (barnevernlova)
- Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova)
- Forskrift om internkontroll for oppgåvene til kommunen etter barnevernlova (internkontrollforskrifta)

8. Dokumentunderlag

Dokumentasjon frå verksemda knytt til den daglege drifta og andre viktige forhold som vart send over da revisjonen vart førebudd:

- Organisasjonskart
- Oversikt over tilsette inndelt i team
- «Rutinehandbok Barneverntenesta i Førde og Gaular» med følgjande aktuelle rutinar:
 - «1.2.A. Organisering av barneverntenesta i Førde kommune»
 - «1.2.B. Intern organisasjonsplan for barneverntenesta i Førde kommune»
 - 1.- 5. Oversikt over ansvarsområda og mynde til dei ulike stillingsheimlane
 - «1.6. Lovverk og regelsamlingar»
 - «1.7. Internkontroll»
 - «Kap. 2. Rutinar for kontakt med barneverntenesta»
 - «Kap. 3. Rutinar for sakshandsaming i barneverntenesta»
 - «3.1. Flytskjema for sakshandsaming»
 - «3.1. Rutinar for mottak av meldingar i barnevernstenesta i Førde kommune»
 - «3.2. Rutinar for undersøking i barnevernssaker»
 - «3.3. Rutinar og ansvar ved akuttsaker»
 - «3.4 Rutinar ved (mistanke om) vald og seksuelle overgrep»
 - «3.11. Rutinar for internkontroll i sakshandsaminga jf. kap 1.7.»

Dokumentasjon som vart gjennomgått under revisjonsbesøket:

- 59 meldingar der 35 har gått til undersøking og 24 var henlagde
- Risikovurdering av området
- Revidert rutinehandbok

Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen:

- Varsel om systemrevisjon datert 04.03.2015
- E-post frå kommunen om oppnemnt kontaktperson
- Innsendt dokumentasjon datert 08.04.2015
- Program for tilsynet datert 29.04.2015
- Telefon og e-post korrespondanse i høve gjennomføringa av tilsynet

9. Deltakarar ved tilsynet

Tabellen under gir ei oversikt over deltakarane på opningsmøte og sluttmøte, og over kva personar som vart intervjuet.

Namn	Funksjon / stilling	Opnings- møte	Intervju	Sluttmøte
Kurt Even Andersen	Kommunalsjef	X	X	
Ove Mjåtveit	Tenesteleiar/Barnevernsleiar	X	X	X
Oline Grodås	Fagleiar	X	X	X
Mette Skansberg	Teamleiar	X	X	X
Nina Bjørvik	Sakshandsamar	X	X	X

Therese Kleive Veimo	Sakshandsamar (Vikar)	X	X	X
Linn Marie Sunde	Sakshandsamar	X		X
Sonja Smedegård	Student	X		X
Caroline Storehaug Øren	Student	X		X
Liv Haugen	Merkantil		X	
Lillian Heggstad	Merkantil		X	
Bjørn Ove Langlo	Psykolog	X		
Steffen Ben Jonstad	Controller	X		X

Frå tilsynsorganet deltok:

Line Pedersen Døsen (revisjonsleiar)

Turid Måseide (revisor)

Gunn Randi Bjørnevoll (revisor)



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Marit Lunde
Telefon: 57643005
E-post: fmsfmlu@fylkesmannen.no

Vår dato
06.07.2015
Dykkar dato

Vår referanse
2015/2435 - 332
Dykkar referanse

Gaular kommune
Vadheimsvegen 15
6973 Sande i Sunnfjord

Gaular kommune - registrering i Robek

I sak 022/15 gjorde Gaular kommunestyre følgjande vedtak:

Rådmannen gjev slik tilråding til vedtak;

- *Rekneskap og årsmelding for 2014 vert godkjent*
- *Underskot på drift og investeringsrekneskap vert å ta opp i budsjettrevisjon 2015 og økonomiplan 2016 – 2019.*

Kommunen blir etter dette vedtaket registrert i Robek (register for kommunar som er underlagt statleg betinga kontroll og godkjenning).

Årsrekneskapen for 2012 til Gaular kommune hadde eit meirforbruk på 1 240 000 kroner. Kommunestyret vedtok å dekke inn dette underskotet i 2014. Rekneskapen for 2013 viste eit nytt meirforbruk på 2 001 000 kroner, som vart vedteke dekkja inn i 2015. Årsrekneskapen for 2014 viser eit meirforbruk på 2 312 000 kroner, og kommunen greier ikkje å dekke inn meirforbruket frå 2012 etter opphavleg plan.

Kommunelova § 48 nr. 4 fastset at eit meirforbruk i årsrekneskapet som ikkje kan dekkast på budsjettet i det året rekneskaper vert lagt fram, skal førast opp til dekning i det påfølgjande året. Meirforbruket frå 2012 blir ikkje inndecka i 2014 og kommunen blir derfor meldt inn i Robek etter kommunelovas § 60 nr. 1, c. Dette betyr at vedtak om opptak av lån eller langsiktige avtalar om leige av bygningar, anlegg og varige driftsmidlar som kan påføre kommunen varige utgifter, skal godkjennast av Fylkesmannen. Fylkesmannen skal og føre lovlegkontroll med kommunen sine budsjettvedtak.

Akkumulert driftsunderskot per 31.12.2014 er 5 553 000 kroner. Kommunestyret må finne inndecking for det akkumulerte underskotet seinast ved revisjon av budsjett 2015 og økonomiplan 2016 – 2019.

Skjema for registrering er sendt til Kommunal og regionaldepartementet. På departementet sine nettsider ligg det meir utfyllande informasjon om følgjene for ein kommune å vere i Robek-registeret, jf. Kommunelova § 60.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Marit Lunde
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

Kopi pr. e-post: terje.forde@kryssrevisjon.no
postmottak@kryssrevisjon.no

Gaular kommune
v/ ordfører og rådmann

Dato: 14.09.2015
Vår referanse: 15/1498
Arkiv: FE-033

Informasjon i samband med val av kontrollutval for perioden 2015 - 2019

I samband kommunevalet vil SEKOM-sekretariat kome med informasjon og nokre tilrådingar for val av nytt kontrollutval i kommunen.

Val av kontrollutval

Kontrollutvalet er eit lovfesta utval som skal veljast i konstituerande kommunestyremøte etter val av formannskap jfr. kommunelova § 17 punkt 2. Minst eitt av medlemane i kontrollutvalet skal vere medlem i kommunestyret. SEKOM-sekretariat ser det som ein fordel at leiar i kontrollutvalet er medlem i kommunestyret.

Gaular kontrollutval har 5 medlemar, og 5 varamedlemar i nummerert felles liste. Gaular kontrollutval bør halde fast på felles varaliste, då dette gjer utvalet mindre sårbart ved forfall enn ved personlege varamedlemer.

Sjå meir om val av kontrollutval i vedlagde informasjon frå FKT og NKRF.

Opplæring

SEKOM-sekretariat meiner at det er viktig at kontrollutvalet får delta på folkevaldopplæringa i kommunen, og det kan gje godt grunnlag for samhandling mellom kommunestyret og kontrollutvalet.

Nettbrett

Gaular kontrollutval har fått tildelt nettbrett, og vi ser det som naturleg at det nye kontrollutvalet overtek nettbretta, og at dei vert gitt opplæring på lik line med andre folkevalde i kommunen.

Ordføraren sin møterett

Ordføraren har møte- og talerett i kontrollutvalet jfr. kommunelova § 9 nr. 4. Det kan vere nyttig at ordfører og kontrollutvalet tidleg i perioden klargjer kva forventningar ein har til ordføraren si deltaking på kontrollutvalsmøta, og korleis dei kan utveksle informasjon og oppdatere kvarandre på aktuelle saker.

Presentasjon av SEKOM-sekretariat

Kontrollutvalssekretariat for 15 kommunar i Nordfjord, Sunnfjord og Ytre Sogn:

Gaular, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Postadresse: Hafstadvegen 42, 6800 Førde

Besøksadresse: Førde rådhus, 3. etasje

Org.nr: 987 631 554

Bankkonto: 3705.08.32571

SEKOM-sekretariat vil gjerne få høve til å komme på eit kommunestyremøte og presentere selskapet og utvalsfunksjonen, då vi trur det kan vere nyttig informasjon. Vi ser føre oss at det kan bli våren 2016, og vil ta nærare kontakt med ordførar og rådmann for å avtale tid.

SEKOM-sekretariat viser elles til reglement for Gaular kontrollutval vedteke av kommunestyret 5.3.2015 i sak 12/15. De finn også informasjon på vår heimeside www.sekom.no

Lukke til med val av kontrollutval for perioden 2015-2019.

Med helsing

Arnar Helgheim
Dagleg leiar
Tlf 57 61 27 84 / 975 81 418
ah@sekom.no

Vedlegg:
Brev frå FKT og NKRF om val av kontrollutval

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gaular kontrollutval	Møtedato 22.09.2015	Saksnr 018/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1430	Arkivsaknr.: 14/307
---	-------------------------------------	-------------------------------

Revisjonsrapport: KOSTRA - Rett bemanning i sentraladministrasjonen

Vedlegg:

Dok.dato 27.05.2015	Tittel Revisjonsrapport - KOSTRA - rett bemanning i sentraladministrasjonen	Dok.ID 2603
-------------------------------	---	-----------------------

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Revisjonsrapport om «KOSTRA – rett bemanning i sentraladministrasjonen», vert teken til orientering. Innhaldet i rapporten vert teke med i framtidig budsjett- og økonomiplanarbeid.

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til den vedlagde rapporten. Vi syner også til gjennomgang ved forvaltningsrevisor på førre møte (28.5.).

Som det går fram, er rapporten fristilt frå standard for forvaltningsrevisjon. Dette er i tråd med tinging frå kontrollutvalet. Forord i rapporten:

Forord

Denne rapporten er produsert av KRYSS- Revisjon etter formell tinging frå kontrollutvalet i Gaular kommune. I tingsmandatet har kontrollutvalet sagt at dei ynskjer ein revisjonsrapport. Det tyder implisitt at dei ikkje tingar ein forvaltningsrevisjon etter RSK 001. I det ligg det ei formell fristilling frå kontrollutvalet med omsyn til korleis vi kan utføre oppdraget. Mellom anna tyder det at vi ikkje er pliktig til å utleie klåre og autoritative revisjonskriterier som grunnlag for vurdering av fakta i problemstillingane.

Vi har heller ikkje funne kriterier vi kan nytte som grunnlag til å vurdere om Gaular kommune har rett bemanning i sentraladministrasjonen.

Det er ingen spesielle kommunestyrevedtak eller andre klåre føringar som kunne ha vorte nytta til å gje vurderingar av korleis Gaular kommune si bemanning i sentraladministrasjonen har påverka deira oppfølging av politiske organ, drift og utvikling av eigen organisasjon, eller oppfølging av henvendingar frå innbyggjarane og andre.

Nokre klipp frå revisor sine vurderingar:

Side 10:

Som vi har synt til i vårt diagram henta frå KOSTRA, har Gaular kommune rapportert at dei har administrative ressursar fullt på høgde med nabokommunane. Om ein berre tek kommunen sine tal til følge, vil konklusjonen raskt kunne bli at dei kørkje er overbemanna eller underbemanna. Slik sett burde organisasjonsutviklingsoppgåver, sektorovergrepande planverk, utvikling av kvalitet i tenestene, systemutvikling, rapporteringssystem, leiging, økonomiforvaltning, personalpolitikk, overordna strategisk arbeid etc, ha dei same rammevilkåra i Gaular som i dei andre kommunane.

Siste avsnitt i rapporten (side 11):

Vårt sentrale poeng i denne undersøkinga, er at det dukkar opp nye spørsmål for kvart svar og funn vi har fått og funne. Vi har ikkje uomtvisteleg dokumentasjon på at bemanninga i administrasjonen er for høg eller for liten.

Vi sit igjen med ei kjensle av at Gaular kommune treng fleire svar på spørsmål om eigen organisering, arbeidsfordeling, effektivitet og interne prosessar, før kommunestyret får ei isolert sak om auka stillingsressursar til administrativt formål til handsaming.

Sekretariatet viser til at rapporten ikkje viser klare funn, og rår til at den vert teken til orientering. Vi meiner også det er naturleg at innhaldet i rapporten vert teke med som ein del av grunnlagsmaterialet i kommunen sitt budsjett- og økonomiplanarbeid.

Ut frå dette, er sekretariatet si tilråding at rapporten vert sendt over til kommunestyret med følgjande tilråding:

Revisjonsrapport om «KOSTRA – rett bemanning i sentraladministrasjonen», vert teken til orientering. Innhaldet i rapporten vert teke med i framtidig budsjett- og økonomiplanarbeid.

REVISJONSRAPPORT

**”KOSTRA - rett bemanning i
sentraladministrasjonen”**

Endeleg rapport levert den:27.05.2015

Forord

Denne rapporten er produsert av KRYSS- Revisjon etter formell tinging frå kontrollutvalet i Gaular kommune. I tingsmandatet har kontrollutvalet sagt at dei ynskjer ein revisjonsrapport. Det tyder implisitt at dei ikkje tingar ein forvaltningsrevisjon etter RSK 001. I det ligg det ei formell fristilling frå kontrollutvalet med omsyn til korleis vi kan utføre oppdraget. Mellom anna tyder det at vi ikkje er pliktig til å utleie klåre og autoritative revisjonskriterier som grunnlag for vurdering av fakta i problemstillingane.

Vi har heller ikkje funne kriterier vi kan nytte som grunnlag til å vurdere om Gaular kommune har rett bemanning i sentraladministrasjonen.

Det er ingen spesielle kommunestyrevedtak eller andre klåre føringar som kunne ha vorte nytta til å gje vurderingar av korleis Gaular kommune si bemanning i sentraladministrasjonen har påverka deira oppfølging av politiske organ, drift og utvikling av eigen organisasjon, eller oppfølging av henvendingar frå innbyggjarane og andre.

INNHALD

1	INNLEIING	4
2	BAKGRUNNEN FOR RAPPORTEN	4
2.1	Formelt om tinginga	4
2.2	Om tinginga	4
3	METODE	4
4	Administrativ organisering	4
5	PROBLEMSTILLING	5
5.1	Avgrensing og tilpassing i prosjektet	5
5.1.1	Avgrensingar	5
5.2	Kort om KOSTRA	6
5.2.1	Bruk av KOSTRA	6
5.2.2	KOSTRA - veiledaren	6
5.3	Funksjon 120: Kostnader per innbyggjar	8
5.4	Tilbakemeldinga frå rådmannen og etatssjefane.	9
5.5	Vurderingar	10

1 INNLEIING

Denne rapporten er tinga av kontrollutvalet, og er ikkje ein forvaltningsrevisjon etter krava stilt i RSK 001. Revisjonsrapporten stiller eit grunnleggjande spørsmål til om det er rett bemanning i sentraladministrasjonen i Gaular kommune. I tinginga er sentraladministrasjonen forstått som funksjon 120 – Administrasjon i KOSTRA. Vidare ligg det i tinginga ei føring på kva vurderinga skal gjerast mot. Bemanninga i Gaular registrert på funksjon 120, skal ta utgangspunkt i KOSTRA-kommunegruppa, gjennomsnitt i Sogn og Fjordane fylke og elles kommunar som det er naturleg å samanlikne seg med. Revisor er gjeve fullmakt til å avgrense og tilpasse prosjektet jf kontrollutvalsvedtak 019/14 punkt 6.

2 BAKGRUNNEN FOR RAPPORTEN

2.1 Formelt om tinginga

Bakgrunnen for dette rapporten går fram av *tinginga* frå kontrollutvalet via SEKOM-sekretariat, datert 16.09.2014 i sak 019/14. Det vert der spesifisert at rapporten skal ta utgangspunkt i KOSTRA kommunegruppe, gjennomsnitt i fylket og samanliknbare kommunar. Det vert presisert at vi skal i utgangspunktet nytte KOSTRA tal pr 31.12.13.

2.2 Om tinginga

I tingsdokumentet vert området for vårt mandat avgrensa til KOSTRA- funksjon 120. I det ligg det at våre analyser av KOSTRA rapporteringa frå Gaular kommune må ta utgangspunkt i dei funn samanlikningar med andre kommunar resulterer i basert på funksjon 120. Det som er utfordringa i ei slik tinging, er det faktum at det ikkje kan gjevast eit eintydig svar på hovudproblemstillinga som kan tuftast på uomtvistelege kriterier. Det er ingen nasjonale føringar som skildrar kva ei rett administrativ bemanning er i ein kommune. Det er lite å vise til av overordna styringsverk som kan nyttast i arbeidet med å utleie gode kriterier eigna til å svare på hovudessensen i tingsvedtaket - som er å gje ei vurdering av bemanninga i sentraladministrasjonen.

Mangelen på klåre føringar frå overordna myndigheiter gjer til at ein rapport som skal vurdere om tal tilsette i sentraladministrasjonen er rett, fort blir ei meir eller mindre kvalitativ synsing kring spørsmålet.

Vi vurderer difor tingsdokumentet som utfordrande. Vi ser det difor også som naudsynt å opplyse om at vi ikkje vil kome med klåre konklusjonar på spørsmålet stilt i tinginga. Ein fullstendig og grundig gjennomgang av bemanning, struktur og organisering i sentraladministrasjonen vil krevje meir ressursar enn det vi har tilgjengeleg per i dag.

3 METODE

Vi har nytta dokumentanalyse, og innhenta svar frå rådmannen på skriftlege spørsmål relevant for å svare på tinginga. Vi har nytta KOSTRA- tal og diagram henta frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane si heimeside.

4 ADMINISTRATIV ORGANISERING

Gaular kommune er administrativt organisert etter etatsmodellen med 3 etatar, tenestetorg, sentralarkiv, kontor/- personalsjef og rådmannen som administrativ toppleiar:

Helse- og sosialetaten: Helse- og sosialsjef

Skule- og kulturetaten: Skule- og kultursjef.

Etaten for landbruk- næring og teknisk: leiar for landbruk/næring og teknisk.

5 PROBLEMSTILLING

” Korleis er kommunen si bemanning i sentraladministrasjonen samanlikna med andre. Oppfølging av politiske organ drift og utvikling i kommune sin organisasjon og oppfølging av henvendingar frå innbyggjarar kommunale einingar, statlege organ revisjon eller andre ”

5.1 Avgrensing og tilpassing i prosjektet

5.1.1 Avgrensingar

Som tidlegare skildra i rapporten er mandatet i tinginga av ein slik karakter at vi ikkje kan nytte RSK 001¹ fullt ut i tilnærming og metode. Problemet er at det ikkje finst klåre autoritative standardar eller føringar frå statlege myndigheter på tal administrative stillingar som skal vere i ein kommune. Kommunane har friedom etter kommunelova til å organisere seg slik dei sjølv ynskjer. Vi har i vårt arbeid heller ikkje funne kommunestyrevedtak som seier noko klårt om tal stillingar til administrative oppgåver. I kva grad tal stillingar/ressursar til oppfølging av politiske organ er tilfredsstillande eller ikkje, vert såleis også svært vanskeleg for oss som revisorar å ha ei klår vurdering av. Til dømes går det fram at dei politiske organa i Gaular kommune har halde sine møte i 2013. Sakene har vore sakshandsama og vi har ikkje sett at det i offisielle dokument er uttrykt misnøye med kapasiteten i høve saksførebuing og sakshandsaming som sådan. Når det gjeld oppfølging av innbyggjarane og andre aktørar² har vi heller ikkje funne klåre utsegner som kan brukast som sanningsvitne på at Gaular kommune har for få stillingar dedikert til administrative funksjonar.

Vi har difor avgrensa oppdraget til å sjå på innrapporterte tal på funksjon 120 og samanlikna Gaular kommune med kommunar i Sogn og Fjordane med tilsvarande tal innbyggjarar. Som det går fram av våre diagram har vi sett på kommunane Askvoll, Naustdal, Jølster, Fjaler, og Førde i tillegg til Sogn og Fjordane fylke samla og landet utan Oslo.

Vi har valt kommunane ut i frå kriteriet tal innbyggjarar. Kommunane utanom Førde er kommunar på om lag 3000 innbyggjarar. Vi har valt å ta med Førde kommune i diagrammet av di Førde er den største kommunen sett i tal innbyggjarar i fylket. Dette er gjort rett og slett for å sjå om storleik i seg sjølv gjer utslag i høve kor mykje ressursar kommunane faktisk nyttar til administrasjon.

I den grad politistarane eller rådmannen i Gaular meiner dei treng meir ressursar, står dei etter kommunelova fritt i å fremje sak for kommunestyret om ressursauke. Slike saker tek ein kommune også stilling til kvart år når sak om årsbudsjettet vert handssama. Saker som gjeld organisering, struktur, effektivisering og liknande vert også anten politisk handsama eller rapportert om alt etter kva fullmakter rådmann har i norske kommunar.

Desse momenta gjeld også for spørsmåla i tinginga om oppfølging av henvendingar frå innbyggjarar ol.

Vi har ikkje, slik vi vurderer vår eiga rolle, grunnlag for å kunne kvalitativt meine noko om spørsmål som er klårt innafor den politiske sfæren. Som tilsynsorgan etter kommunelova har vi klåre avgrensingar i kva oppgåver vi skal gjere og ikkje gjere.

Vi har difor valt å sjå på hovudspørsmålet og la dei faktaopplysningar og spørsmål vi stiller gjelde for heile tinginga herunder punkt 4 a, b og c.

¹ RSK 001 er fagstandard for forvaltningsrevisjon

² Statlege organ, tilsynsmynde osb

5.2 Kort om KOSTRA

KOSTRA inneheld eit omfattande talmateriale, som gjev statistikk om ressursinnsats, prioriteringar og måloppnåing i kommunar, bydelar og fylkeskommunar. Det finnes tal om til dømes pleie- og omsorgstenester, barnehagedekning og saksbehandlingstid, og du kan samanlikne kommunar med kvarandre, med regionale inndelingar og med landsgjennomsnittet. Målet med KOSTRA er å få til et eins rapporteringssystem³ som kan gje relevant og påliteleg og samanliknbar informasjon. Informasjonen i KOSTRA skal seie noko om korleis kommunane prioriterer, om produktiviteten i tenestene og om kommunane gjev dei tenester som innbyggjarane har krav på og trong for.

5.2.1 Bruk av KOSTRA

Informasjonen er ment å være et styringsverktøy både for staten og for den enskilde kommune. Kommunane har behov for å samanlikne seg med andre kommunar med omsyn til ressursbruk for å kunne vurdere om dei nyttar ressursane på en god måte. Til dømes kan store negative avvik i forhold til samanliknbare kommunar være ein indikasjon på sløsing av ressursar, eller at det kan vurderast å gjere "ting på en annen måte".

Men for ikkje å gjere forhasta konklusjonar om eiga drift etter ei KOSTRA-analyse, er det avgjerande at rekneskapsføring og rapportering av data er påliteleg, og at KOSTRA-funksjonane i analysa er likt oppfatta og praktisert i kommunane som vert samanlikna. Mellom anna skal ein være medviten om at organisering og tal innbyggjarar kan gje store utslag i elles samanliknbare kommunar.

5.2.2 KOSTRA - veiledaren

Hovudkjelda for å finne svar på korleis og kva som skal registrerast kor, er KMD sin «*Veileder til regnskapsrapporteringen i KOSTRA*».

I veiledaren vert funksjonskontoplanen og artskontoplanen skildra og forklart.

I vårt oppdragsmandat har vi såleis tatt for oss reglane for funksjonskontoplanen.

Dei viktigaste reglane relevant for dette oppdraget er dei som omhandlar funksjon 120, og reglane som gjeld fordeling av utgifter og inntekter.

I veiledaren punkt 2.3.1 står det at «En stillingsandel (funksjonsandel) kan unnlates å fordeles dersom den utgjør mindre enn 20%.

I dette ligg det at kommunen er pliktig til å fordele lønsutgifter, dersom den tilsette utfører arbeidsoppgåver som gjeld andre funksjonar, og utgjør over ein 20 % stilling.

På funksjon 120 «administrasjon» er innhaldet oppdelt i 5 område.

- Administrativ leing
- Fordeling av andel leiarstilling.
- Stab/støttefunksjonar.
- Fellesfunksjonar.
- Fellesutgifter.

Administrativ leing

Under administrativ leing høyrer administrative leiarar. Administrative leiarar er definert til å være leiarar som har økonomiske og administrative fullmakter og som leiar andre administrative leiarar. Om ein administrativ leiar som høyrer under funksjon 120 vidaredelegerer nokon av sine fullmakter til underordna leiarar vil desse likevel ikkje bli sett på som administrative leiarar i KOSTRA. Døme på slike leiarar kan være avdelingsleiarar, gruppeleiarar og liknande. Desse skal registrerast under den tenestefunksjonen deira arbeidsområde sorterar inn under.

³ Kjelde: <http://www.ssb.no/offentlig-sektor/kostra>

Fordeling av andel leiarstilling. Dersom en administrativ leder på funksjon 120 yter tenester for eit eller fleire tenesteområder, og dette utgjør 20 % av stillinga eller meir, skal den delen fordeles til tenestenivået.

Stab/støttefunksjonar.

Stabs-/støttefunksjoner knytt til planlegging, oppfølging og styring av heile kommunen eller av eit administrativt leiarnivå registrert på funksjon 120, er ein del av funksjon 120. Oppgåvene nemnd i veiledaren omfattar mellom anna økonomiforvaltning, personalforvaltning, informasjonsarbeid, kommuneadvokat/-jurist, utvikling av lokalsamfunn og næring, i tillegg til arbeid som gjeld kommunen som organisasjon og organisasjonsutvikling.

Prinsippet om fordeling av andel av oppgåver som utgjør minst 20 % av ein stilling gjeld også for stab-/støttefunksjonane. Overordna sektorovergripande planarbeid, først også på funksjon 120. Unnataket frå dette er arbeid med kommuneplanen (både samfunnsdelen og arealdelen) som skal først på funksjon 301.

Fellesfunksjonar

Fellesfunksjonane skal i utgangspunktet føres på funksjon 120, men skal fordeles dersom leing og medarbeidare yter tenestespesifikke oppgåver som samla utgjør minst 20 % av éin stilling til tenesteleiarar (lågaste administrative leiarnivå) eller direkte til tenestefunksjonane. Sjå også eksemplet nedanfor. Fellesfunksjonar er:

- Funksjonar for administrative leiarar/medarbeidarar som er knytt til funksjonane 100 Politisk styring eller 120 Administrasjon, slik som resepsjon, sentralbord og andre velferdstiltak.
- Felles post- og arkivfunksjon.

Tenestespesifikke post- og arkivfunksjonar skal først til tenestefunksjonen.

- Felles lønns- og regnskapsfunksjon, herunder fakturering og innfordring.

Lønns- og rekneskapsfunksjonar som ivaretek overordna oppgåver for heile kommunen først på funksjon 120. Lønns- og rekneskapsoppgåver som gjeld tenester først til tenestefunksjon.

- Hustrykkeri.


Innkjøp av papir/kontormateriell som hustrykkeriet gjer for tenestefunksjonane/-einingane, vert ført på dei aktuelle tenestefunksjonane.

- Felles IKT-løsninger for heile kommunen.

Dette inkluderar anskaffing, drift og vedlikehald inkludert brukerstøtte til fellessystemer. Utgifter knytt til "fagsystemer" (pleie- og omsorgssystem, sosialsystem, system for barnehageopptak, geografiske informasjonssystem til reguleringsplanlegging og forvaltning av eigedomar og anlegg m.m.) først på dei funksjonane som systemene server. Også arbeid knytt til "fagsystem" som samla utgjør minst 20 % av éin stilling, skal fordelast. Har kommunen organisert støttefunksjonar vedrørende IKT i eige kommunalt foretak, skal same fordeling mellom funksjon 120 og tenestefunksjonane gjerast når det gjeld fellessystem og fagsystem. Har kommunen organisert IKT-tenesta i samarbeid med andre kommunar (eigne selskapseiningar eller vertskommune-ordning), skal kommunen sin del som gjeld fellessystem, eksempelvis lønns- og rekneskapssystem, til funksjon 120. Kommunen sin del som gjeld fagsystem, skal til tenestefunksjon. Kommunen sin del er nettoutgifta i samarbeidsløysinga som gjeld kommunen.

5.3 Funksjon 120: Kostnader per innbyggjar

Det diagrammet vi har teke med er henta frå fylkesmannen i Sogn og Fjordane sin oversikt over KOSTRA rapporteringa for 2013. Det syner både i form av tal og grafikk kva Gaular kommune har innrapportert som sine kostnader til administrasjon. Vi har i diagrammet også synt korleis dei andre kommunane kjem ut på dette kostnadsområdet.



Kommentarar til diagrammet.

I og med at vi har valt kommunar som med unntak av Førde er kommunar med om lag same tal innbyggjarar, meiner vi at diagramma har relevans i høve samanlikning og vurdering av stoda på administrative kostnader.

Det fyrste ein må ha med seg er at summane og grafane i diagrammet er innrapporterte rekneskapstal gjennom KOSTRA dividert på tal innbyggjarar i den einskilde kommune. Det er med andre ord kommunen sine eigne tal som her vert presentert.

Det går fram av tala og diagramma at Gaular kommune ikkje skil seg vesentleg ut i høve kommunane med om lag same tal innbyggjarar. Fjaler og Naustdal kommune er dei to kommunane som har større utgifter pr innbyggjar til administrasjon. Jølster og Askvoll har mindre.

Ut i frå dette kan det hevdast at Gaular kommune ligg om lag likt med samanliknbare kommunar. At Førde kommune har mindre utgifter til administrasjon er naturleg i og med at heilt sentrale funksjonar må ivaretakast i ei kvar kommune uavhengig av tal innbyggjarar. Det inntrykket vert ytterlegare forsterka når ein ser på søyla landet utan Oslo. Å være ein kommune med om lag 3000 innbyggjarar er å være ein liten kommune⁴. At vi i kolonna for fylket finn at

⁴ Små kommuner: Kommuner med 0-4 999 innbyggere

Mellomstore kommuner: Kommuner med 5 000-19 999 innbyggere

Store kommuner: Kommuner med minst 20 000 innbyggere (kjelde SSB Gruppering av kommuner 2008 Rapporter 8/2011)

administrasjonskostnadane er høgere enn for kolonna landet utan Oslo er i så måte logisk. Sogn og Fjordane står seg av 26 kommunar der 15 av kommunane hadde eit innbyggjartal på 3000 eller mindre.

Vi kan difor førebels slå fast at Gaular kommune i si eiga rapportering stadfestar at ressursar til administrasjon ikkje er vesentleg høgere eller lægre enn samanliknbare kommunar. Det som ein uansett alltid må ha med seg når ein les slike diagram, er korleis den einskilte kommune har administrativt organisert seg, og kva arbeidsoppgåver den einskilte leiar faktisk utfører. Skilnader i organisering mellom kommunane vil kunne gje forskjell i rapporterte kostnader på til dømes funksjon 120. Gaular kommune er administrativt organisert etter etatsmodellen, medan fleire av dei andre kommunane i diagrammet er organisert etter to- nivå modellen. For å gå noko djupare inn bakom tala frå Gaular kommune, skreiv vi til rådmannen og etatssjefane og bad om tilbakemelding på ei rekkje spørsmål relatert til stoda i Gaular kommune.

Svara frå rådmannen dannar grunnlaget for neste avsnitt i denne rapporten.

Spørsmål og svar kring arbeidssituasjonen for rådmannen og etatssjefane.

Vi sendte ein e-post til rådmannen og etatssjefane der vi bad om svar på tal tilsette registrert på funksjon 120, faktisk arbeidsbelastning og arbeidsoppgåver og eventuell kvelds- og helgejobbing. Desse spørsmåla var motivert ut frå at det å berre undersøke kva kommune har registrert på funksjon 120 i sine rapporteringar til SSB, ikkje nødvendigvis gjev eit eintydig svar på om ei bemanning er rett eller ikkje. Eit anna forhold som også bør vurderast i den samanhengen er definisjonane av kva type arbeid og stillingar som faktisk skal registrerast på funksjon 120 jf SSB sine definisjonar og i kva grad innrapporterte tal frå Gaular kommune på funksjon 120 er i samsvar med føresetnadane i definisjonane.

5.4 Tilbakemeldinga frå rådmannen og etatssjefane.

I sitt svar til oss skriv rådmannen at det er 11,5 stillingar som vert registrert under funksjon 120 i KOSTRA- rapporteringa. Vi får også opplyst at alle desse stillingane utfører meir fagleg retta arbeid i tillegg til som har med rein administrasjon å gjere, Vidare seier rådmannen at fleire av desse stillingane nok burde vore rekneskapsført på andre funksjonar enn 120, men det har ikkje vorte gjort.

For Gaular kommune tyder dette at rådmannen og etatssjefane (4 stillingar) skal førast på funksjon 120.

Tenestetorget i Gaular kommune, som har 2, 5 stillingar jf opplysningane frå rådmannen, er ført på funksjon 120. Stillingane i tenestetorget er av kommunen kategorisert som fellesfunksjoner under funksjon 120.

Når det gjeld konsulentstillinga som er under skule- og kultursjefen og dei 3 konsulentane som er under helse- og sosialsjefen meiner vi det er rimeleg å vurdere om desse i sine funksjonar faktisk fyller vilkåra for å kategoriserast som funksjon 120 etter veiledaren.

Vi har ikkje gått i vurderingar kring desse stillingane og om dei verkeleg høyrer heime under funksjon 120, då vi har forstått oppdraget som ein vurdering av om sentraladministrasjonen skil seg vesentleg ut frå nabokommunane med tilsvarende tal innbyggjarar og ikkje minst tida vi har til dette oppdraget.

Kontor- og personalsjefstillinga er registrert på funksjon 120, og er ein stab/støttefunksjon etter inndelinga i veiledaren.

I skrivet til rådmannen og etatssjefane bad vi om tilbakemelding på deira vurdering av eigne arbeidsoppgåver og kor mange timar dei arbeider i veka.

For rådmannen sin del skriv han at han gjennomsnittleg reknar ei arbeidsveke til 50 timar. I tillegg må han bruke 8 til 10 laurdagar og sundagar i dei mest hektiske periodane på året. Dette gjeld særleg i samband med økonomiplan- og budsjettarbeidet. Det vert påpeika av rådmannen at han ikkje nyttar den ekstra ferieveka som ligg inne i arbeidsavtalen, som skal dekke opp for ekstraarbeid som føl med

rådmannsjobben. Han skriv også at han ikkje har rutinar/registreringar som kan dokumentere dette. Det vert elles frå rådmannen synt til at kommunen har fleksitidsordning med registreringsskjema for arbeidstid og avspasering.

Etatssjefane meiner at rådmannen sin vurdering av arbeidsmengd og oppgåver i stor grad er dekkjande for arbeidssituasjonen til administrativt leiarnivå.

Dei peikar på at det ikkje er enkelt å delegere reine sakshandsamingsoppgåver då det er små einingar med mange oppgåver, som til dels er kompliserte. Til dømes vert det synt til at skule og kultursjefen har 2 heile stillingar som skal tene skulen, barnehagane og kulturfeltet. Det vert i svaret sagt at det er problematisk å rekkje over alle oppgåvene.

Frå leiar for landbruk/teknisk er svaret mykje likt. Det vert skrive at det grunna lite ressursar er lite rom for å delegere ut nok arbeidsoppgåver. Mestdelen av tida til leiaren vert brukt på einskildsakshandsaming. Meir overordna leiaroppgåver som økonomistyring, prosjektstyring, personaloppfølging og andre leiaroppgåver vert å arbeide med innimellom, og på kveldar og i helgar. Dessutan er leiar for teknisk/landbruk også brannsjef i 20 % noko som medfører utrykkingar og øvingar. Det har medført at arbeid med og rolla som branntilsyn ikkje har vorte utført.

Felles for tilbakemeldingane er inntrykket deira av knappe ressursar på sentraladministrasjonen og tenestetorget.

Tilbakemeldinga frå helse- og sosialsjefen stadfestar også rådmannen sin betraktning kring stoda i administrasjonen.

Noko av det fyrste som vert poengtert frå helse- og sosialsjefen er at dei 3 konsulentane som alle er ført på funksjon 120, burde vore splitta i fleire tenestefunksjonar. Det grunnar han ut i frå arbeidsoppgåvene som vert gjort. Dette er med andre ord opplysningar som implisitt hevdar at kontoplanen i Gaular kommune ikkje er korrekt i høve regelverket.

Om desse opplysningane er korrekte, har dei som konsekvens at analyser som inkluderar tal henta frå funksjon 120, ikkje gjev korrekt bilete av ressursbruken i kommunen.

Det vi også merkar oss i svaret frå helse- og sosialsjefen er at han anslår at 80 % av tida vert nytta til meir sakshandsamingsrelaterte oppgåver. I og med at 80 % av arbeidstida går med til sakshandsaming, vert det for lite tid til leiar- og utviklingsarbeid og fagutvikling/systembygging. I tillegg får vi opplyst at han har ein arbeidssituasjon som medfører meir enn 50 timer i veka. I periodar er timetalet opp mot 70 timer i veka. I dette ligg det 4 – 5 helgar i året med arbeid for Gaular kommune.

Også helse- og sosialsjefen skriv at det han har vanskar med å avspasere overtidstimar og å ta ut den ekstra ferieveka grunna arbeidsmengde.

5.5 Vurderingar

Etter å ha gått gjennom svara frå rådmannen og etatssjefane på vår e-post med spørsmål, sit vi att med nokre vurderingar og spørsmål som vi meiner kommunen bør ta med seg i arbeidet med å vidareutvikle kommunen som organisasjon, arbeidsgjevar og tenesteytar.

Som vi har synt til i vårt diagram henta frå KOSTRA, har Gaular kommune rapportert at dei har administrative ressursar fullt på høgde med nabokommunane. Om ein berre tek kommunen sine tal til følge, vil konklusjonen raskt kunne bli at dei korkje er overbemanna eller underbemanna. Slik sett burde organisasjonsutviklingsoppgåver, sektorovergripande planverk, utvikling av kvalitet i tenestene, systemutvikling, rapporteringssystem, leining, økonomiforvaltning, personalpolitikk, overordna strategisk arbeid etc, ha dei same rammevilkåra i Gaular som i dei andre kommunane.

Når vi så ser på tilbakemeldinga frå rådmannen og etatssjefane vert inntrykket noko meir uklart. Det er eit gjennomgåande trekk at mykje av tida må nyttast til arbeid som i KOSTRA er definert som tenestefunksjonar. Spørsmålet blir då sjølvsagt kvifor der det slik ?

Vi ser at leiarane meiner det er for få tilsette. Kanskje er det tilfelle.

Men før ein kan slå fast det, bør det etter vår vurdering leggjast fram meir handfast og etterprovbar dokumentasjon.

Ein mogleg vinkling i arbeidet med å vurdere om kommuneadministrasjonen er underbemanna eller ei, kan vere å lage oversiktskart og dokument som syner faktisk status på område relevant for vurderingar av den administrative organisasjonen. Vi tenkjer her på t.d. kart/dokument som syner tal tilsette, arbeidsoppgåver, prosessar, struktur, tal kundar/klientar, statistikkar over sakshandsamingstid, eventuelle ventelister, klager, tilsynsrapportar frå fylkesmannen osv.

Det kan i ein slikt organisasjonsprosjekt også vurderast å gjere direkte samanlikningar mot ein annan kommune som høver. Heri kan også kommunen bruke KOSTRA –data aktivt.

Det vil slik vi ser det, også være eit poeng å sjå etter mogleg unødig dobbeltarbeid, eventuelle systemiske flaskehalsar, og kva opningar som finnast for å delegere og kanskje forenkle oppgåver. Ein bør også slik vi ser det, vurdere å sjå etter om det er mogleg å gjere prosessar inn mot politisk nivå meir effektivt. Her må i såfall kommunestyret som organ også ynskje ein slik vinkling velkommen.

Ein annan mogleg tilleggsvinkling er å gjere innbyggjarundersøkingar, designa slik at ein får svar som brukast til å analysere tenesteeffektiviten.

Vi vil tru det er mogleg å få idear og tips, kanskje også konsulenthjelp frå KS- konsulent⁵, og deira effektiviseringsprogram, i tillegg til eventuelt andre relevante aktørar.

Vi meiner kommunen kanskje bør stille seg sjølv ein del spørsmål og få nokre svar før ein legg fram sak om utviding av stillingsressursar på administrativt nivå. Ein god og forståeleg analyse, vil kunne gje svar på spørsmål eit kommunestyre vil sitje med i høve ynskje om fleire stillingar. Ei god analyse vil kanskje også gje meirverdi i form av auka medvit kring innarbeida rutiner og mønster i den kommunale drifta av kommunen.

Vårt sentrale poeng i denne undersøkinga, er at det dukkar opp nye spørsmål for kvart svar og funn vi har fått og funne. Vi har ikkje uomtvisteleg dokumentasjon på at bemanninga i administrasjonen er for høg eller for liten.

Vi sit igjen med ei kjensle av at Gaular kommune treng fleire svar på spørsmål om eigen organisering, arbeidsfordeling, effektivitet og interne prosessar, før kommunestyret får ei isolert sak om auka stillingsressursar til administrativt formål til handsaming.

Førde, den 27.05.2015



Charles Litsheim
Revisjonssjef forvaltning

⁵ www.kskonsulent.no

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gaular kontrollutval	Møtedato 22.09.2015	Saksnr 019/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1430	Arkivsaknr.: 14/178
---	-------------------------------------	-------------------------------

Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune - oppfølging av forvaltningsrevisjon

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
18.08.2014	Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune - rapport frå forvaltningsrevisjon	295

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

...

Saksutgreiing:

Vi viser til forvaltningsrevisjon om innkjøpsfunksjonen som vart handsama den 16.9.14. Kontrollutvalet si tilråding vart vedteken av kommunestyret den 30.9.14. I punkt 3, er førsetnaden at rådmannen orienterer kontrollutvalet før utgangen av første halvår 2015 om oppfølginga. Rådmannen vert kalla inn for å informere.

Saksgang Gaular kontrollutval	Møtedato 16.09.2014	Saksnr 018/14
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-217, Komnr-1430	Arkivsaknr.: 14/178
---	-------------------------------------	-------------------------------

Innkjøpsfunksjonen i Gaular kommune - rapport frå forvaltningsrevisjon

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
05.09.2014	Oversending av forvaltningsrevisjonsprosjekt: Innkjøpsfunksjonen - Gaular kommune	388
05.09.2014	endeleg versjon forvrevprosjekt Innkjøpsfunksjonen Gaular kommune.pdf	389

Tilråding:

(Kontrollutvalet tilrår til kommunestyret).

1. Rapport frå forvaltningsrevisjonen Innkjøpsfunksjonen – Gaular kommune datert 5.9.14 vert teken til orientering.
2. Rådmannen får i oppdrag å følgje opp funna i rapporten med spesiell vekt på tilrådingane på side 7, 10 og 14.
3. Rådmannen orienterer kontrollutvalet før utgangen av første halvår 2015 om arbeidet med oppfølging av funn og tilrådingar.

Handsaming i Gaular kontrollutval 16.09.2014:

Forvaltningsrevisor Charles Litsheim gjekk gjennom rapporten. Rådmann Helge Følid orienterte om innkjøpsarbeid i Gaular kommune og svarte på spørsmål.

Samrøystes som tilrådinga.

GAU-018/14 Vedtak:

1. Rapport frå forvaltningsrevisjonen Innkjøpsfunksjonen – Gaular kommune datert 5.9.14 vert teken til orientering.
2. Rådmannen får i oppdrag å følgje opp funna i rapporten med spesiell vekt på tilrådingane på side 7, 10 og 14.

3. Rådmannen orienterer kontrollutvalet før utgangen av første halvår 2015 om arbeidet med oppfølging av funn og tilrådingar.

...

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til den vedlagde rapporten frå forvaltningsrevisjonsprosjekt som er datert 5.9.14. I rapporten, kjem KRYSS-Revisjon med fleire konklusjonar og tilråding til forbetringar i kommunen sitt innkjøpsarbeid.

Bakgrunn for prosjektet

Frå Overordna analyse om bakgrunn for tinginga:

Side 15/16:

Innkjøpsordningane til kommunen er også eit viktig område å ha kontroll på. Lovverket og regelverket kring offentlege anskaffelsar; særleg på anleggssida, er eit vanskeleg og omfattande regelverk å forholde seg til, og det kan vere kostbart å ikkje etterleve lov og forskrifter på dette området. I einkvar kommune bør vere aktuelt å sjå nærmare på rutine og om kommunen sine egne reglement vert følgde på dette felt; og om interne reglement er

ajourført eller samsvarar med sentralt innkjøpsregelverk (tilpassa EU-direktiv, m.v.). Lov og forskrifter om offentlege anskaffelsar er sentralt regelverk på dette området. Det må her nemnast at Kontrollutvalet har bestilt ein eigen forvaltningsrevisjon på innkjøpsområdet. Dette arbeidet er igongsett i 2012 og vil bli sluttrapportert i ein eigen forvaltningsrevisjonsrapport tidleg i 2013. Denne rapporten vil få si handsaming gjennom kontrollutvalet og Gaular kommunestyre i 2013.

Side 17:

Lov om offentlege anskaffelsar er sentral for kommunen. Det kan ver aktuelt å sjå også på dette i eit perspektiv av måloppnåing. Dette fordi konsekvensane ved å ikkje følge regelverket kan vere store økonomisk og rettslege; i alle fall i investeringsprosjekt og 'større saker'. Det kan såleis vere ønskeleg å sjå nærmare på dei innkjøpsavtaler som kommune er med på, og eventuelt prioritere ei undersøking av innkjøpsamarbeidet(/-a) som kommunen er deltakar i.

Funn og tilrådingar

Sekretariatet vurderer det slik at funna i rapporten peikar på klare forbettringsområde som bør følgjast opp.

Tilrådingar frå KRYSS Revisjon i rapporten:

Side 7:

Tilråding:
Vi rår Gaular kommune til snarast å lage eit nytt innkjøpsreglement som samsvarar med formålet med og reglane i lov om offentlege anskaffelser.

Side 10:

Tilråding

I eit framtidig nytt innkjøpsreglement bør det vurderast om nokon skal ha tillagt eigen funksjon som innkjøpsansvarleg. Det bør også vurderast kva og korleis ansvarsfordelinga mellom ein eventuell innkjøpsansvarleg og tilsette med innkjøpsmynde skal vere. Vi meiner rådmannen bør iverksetje dei tiltak som er naudsynt for å hindre innkjøp frå konkurrerande leverandørar til rammeavtaleleverandørar. Etter vår oppfatning kan til dømes temaet bruk av rammeavtalane vere eit fast punkt på dei arenaer og i dei fora der tilsette med innkjøpsmynde møter.

Side 14:**Tilråding:**

Det er etter vår meining svært viktig å ta tak i utfordringane på innkjøpsområdet.

Vi meiner dette må få rett fokus og prioritet i administrativ leiing.

Vi meiner det bør vurderast å innføre kommuneinterne kontrollar i og undervegs i kjøp og kjøpsførebuingar.

Kontrollutvalet og særleg revisor bør vere varsame med å legge detaljerte løysingar. Dette kan i så fall vere problematisk då utvalet (og revisor) i neste omgang også skal kontrollere dei nye løysingane.

SEKOM-sekretariat rår til at kontrollutvalet sitt framlegg til kommunestyret vert laga i fleire punkt. Første eit punkt om at ein tek rapporten til orientering. Vidare at rådmannen får i oppdrag å følgje opp funna og rapportere tiltak til kontrollutvalet i løpet av første halvår 2015.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gaular kontrollutval	Møtedato 22.09.2015	Saksnr 020/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-210, Komnr-1430	Arkivsaknr.: 15/54
---	-------------------------------------	------------------------------

Informasjon om oppfølging av presiseringar i revisjonsmeldinga for 2014 og ROBEK-status

Vedlegg:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
21.05.2015	Revisjonsmelding 2014 - Gaular kommune	2568
29.05.2015	Uttale til rekneskap 2014 - underskriven	2669

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

...

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til revisjonsmeldinga frå KRYSS Revisjon og kontrollutvalet sin uttale til rekneskapen for 2014. Det var fleire presiseringar i revisor si melding og kontrollutvalet peika særskild på desse i sin uttale. Rådmannen vert kalla inn for å informere om kva som vert gjort for å følgje opp desse presiseringane.

Det er også ønskjeleg at rådmannen informerer om kva konsekvensar det blir av at Gaular kommune er på ROBEK-lista. Brev frå Fylkesmannen er teke med under skriv og meldingar.

Gaular kommune
v/kommunestyret

kopi: kontrollutval
formannskap
rådmann

Dykkar ref.:

Vår ref. :
At

Arkivkode :
216

Journalnr. :
036/2015

Dokumentdato:
21.05.2015

REVISJONSMELDING 2014

Denne revisjonsmeldinga erstattar negativ revisjonsmelding av 16.04.2015, som vart avgjeven som følge av at årsrekneskapen var avlagt etter fristen for rekneskapsavlegging.

Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Gaular kommune pr. 31.12.2014 som syner eit netto driftsresultat (underskot) på kr. 2.186.634,-. Etter at det er teke omsyn til interne finanstransaksjonar, viser driftsrekneskapen eit meirforbruk på kr. 2.312.347,-. Det ligg til kommunestyret å finne dekning for meirforbruket.

Investeringsrekneskapen er gjort opp med eit udekket beløp på kr. 241.663,-. Det ligg til kommunestyret å finne dekning for det udekket beløpet.

Årsrekneskapen består av balanse pr. 31. desember 2014, driftsrekneskap, investeringsrekneskap og økonomiske oversikter for rekneskapsåret avslutta pr. denne datoen, og ei beskriving av vesentlege nytta rekneskapsprinsipp og andre noteopplysningar.

Leiinga sitt ansvar for årsrekneskapen

Leiinga er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gjev ei dekkande framstilling i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringskikk, og for slik intern kontroll som leiinga finn naudsynt for å gjere det mulig å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misleghald eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Vår oppgåve er å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards of Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentlig feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisor sitt skjønn, derunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentlig feilinformasjon, enten det skuldast misleghald eller feil. Ved slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for kommunen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev ei dekkande framstilling. Føremålet er å utforme revisjons-handlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av kommunen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar og ei vurdering av om dei nytta

Regionskontor for kommunane:

Flora, Bremanger
Flora kommune, Strandgt. 43, 2. etg., 6900 Florø
Tlf. Terje Førde: 57 75 60 97, 57 61 26 40 eller
57 61 26 41, evt. mobil: 99 22 92 27
Tlf. Trine Vokuhl, 57 75 60 96, 57 61 26 48;
- evt. mobil: 91 74 20 35

Hovudkontor/regionskontor for kommunane:

Førde, Jølster, Naustdal, Gaular, Askvoll
Førde kommune, Rådhuset, Hafstad v 28, 6800 Førde
Postboks 487, 6802 Førde. Tlf. Terje Førde, 57 61 26 41
Tlf. Charles Litsheim, 57 61 26 42, mobil: 91 33 30 46
Tlf. Stig Årdal, 57 61 26 45, mobil: 90 52 48 55
Tlf. Kari Sygna, 57 61 26 43, mobil: 97 98 13 22
Tlf. Asgeir Tveit, 57 61 26 44, mobil: 90 87 43 88

Regionskontor for kommunane:

Hyllestad, Fjaler, Gulen, Solund
Hyllestad kommune, 6957 Hyllestad
Tlf. regionskontoret: 57 78 85 47
Tlf. Aud Marit Nyland Eide, 57 61 26 46
- evt. mobil: 99 23 52 16
Tlf. Torill Nordstrand, 57 61 26 47;
- evt. mobil: 47 65 50 93

rekneskapsprinsipp er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata utarbeida av leiinga er rimelige, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Presisering:

Økonomireglementet til Gaular kommune stiller krav om at ferdigstilte prosjekt i investeringsrekneskapen skal rapporterast til politiske organ i Gaular kommune. Det er ikkje lagt fram rekneskap for investeringsprosjekt på fleire år.

Presisering

Note 3.1.1.7 Transaksjonar ført mot kapitalkonto har ikkje i seg den delen av kapitalkonto som gjeld pensjon. I rekneskapen brukar kommunen eigen kapitalkonto for pensjonsføringane. Denne skal likevel vere med i note for kapitalkonto.

Presisering

På sjølvkostområdet viser fonda for vatn, avløp og feiing eit samla underskot på kr. 1.853.000,-. Underskotet har i 2014 auka med kr.403.000,-. Dersom kommunestyret ikkje gjer særskilt vedtak om dekningsgrad, skal underskotet dekkast inn over fem år frå den tid det oppstår..

Konklusjon:

Etter vår meining er årsrekneskapen, i det alt vesentlege avlagt i samsvar med lov og forskrift og gjev ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Gaular kommune pr. 31. desember 2014, og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta pr. denne datoen, i samsvar med lov, forskrift og god kommunal bokføringsskikk i Noreg.

Uttale om øvrige forhold

Uttale om budsjett

Presisering

Vi viser til kommunelova §§ 46 og 47 om årsbudsjettet sin bindande verknad både for drifts- og investeringspostane, der det er stilt krav om budsjettreguleringar når føresetnadane vert endra gjennom året. Økonomiske oversikter for investering og drift syner at det er store avvik mellom enkelte postar når det gjeld revidert budsjett og resultat. Budsjettet vert ikkje fullt ut endra når føresetnadene endrar seg.

Uttale om årsmeldinga

Presisering

Årsmeldinga er levert etter fristen for levering til revisjonen som var 31.03.2015.

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen i det alt vesentlege er konsistent med årsrekneskapen og i det alt vesentlege er i samsvar med lov og forskrift.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på vår revisjon av årsrekneskapen som omtala ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 "Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller avgrensa revisjon av historisk finansiell informasjon", meiner vi at leiinga har oppfylt si plikt til å sørge for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Gaular kommune sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal bokføringsskikk.

Førde 21.05.2015

Terje Førde
Revisjonssjef

KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Kommunerevisjonen
Ytre Sogn og Sunnfjord
Postboks 492 6801 Førde
Dagleg leiar/Revisjonssjef

Asgeir Tveit
Asgeir Tveit
Kommunerevisor I
KRYSS Revisjon
Kommunerevisjonen i
Ytre Sogn og Sunnfjord

Gaular kontrollutval

Gaular kommunestyre

Dato: 28.5.2015
Vår referanse: 15/1003
Arkiv: FE-210, Komnr-1430

Uttale til rekneskapen for 2014

Årsrekneskapen 2014 for Gaular kommune er handsama i kontrollutvalet 28.5.2015.

Grunnlaget for kontrollutvalet si handsaming har vore:

- Den avlagde årsrekneskapen
- Årsmeldinga frå rådmannen
- Revisjonsmeldinga datert 21.05.2015

Driftsrekneskapen er avslutta med rekneskapsmessig meirforbruk på kr 2.312.347,-.

Investeringsrekneskapen er avslutta med udekka beløp på kr 241.663,-.

Kommunestyret vedtek inndekking av meirforbruk.


Kontrollutvalet viser til presiseringar i revisjonsmeldinga:

- Fleire år utan framlagde rekneskap frå investeringsprosjekt
- Note om transaksjonar ført mot kapitalkonto
- Underskot på sjølvkostområdet
- Årsbudsjettet sin bindande verknad
- Årsmeldinga er levert etter fristen

Frist for årsmelding (31. mars), manglande prosjektrekneskapar og budsjettet sin bindande verknad var også peika på i uttale om rekneskapen for 2013.

Kontrollutvalet tilrår at rekneskapen for Gaular kommune vert godkjent.

Gaular kontrollutval


Aud Lunde
(leiar)

Jarl Tyssekvam
(nestleiar)


Lars Egil Viken


Ivar Johan Aarberg


Laila Oppedal

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gaular kontrollutval	Møtedato 22.09.2015	Saksnr 021/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-151	Arkivsaknr.: 15/385
---	-------------------------	-------------------------------

Budsjett for kontrollutvalet 2016

Vedlegg:

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Saka går vidare til kommunestyret).

Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett for drift av kontrollutvalet i 2016:

Konto	Tekst	B2014 KU	B2015
10800	Godtgjersle folkevalde	45 000	25 000
10801	Godtgjersle leiar råd/utval		20 000
10990	Arbeidsgjevaravgift	4 000	4 000
11200	Diverse	2 000	2 000
11500	Opplæring/kurs/seminar	10 000	20 000
11600	Skyss- og diett	2 500	2 500
11651	Telefongodtgjersle	2 000	2 000
11959	Kontingentar	1 500	1 500
	Netto	67 000	77 000

...

Saksutgreiing:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Gaular kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattenester gjennom høvesvis KRYSS-revisjon og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret. Det er difor berre budsjett for drift av kontrollutvalet som vert handsama av kontrollutvalet.

I drift av kontrollutvalet, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

- Skyss- og diettgodtgjersle
- Møtegodtgjersle/ tapt arbeidsforteneste
- Arbeidsgjevaravgift
- Opplæring/kurs/seminar
- Inventar/utstyr
- Kontingentar

SEKOM-sekretariat har føreslege auke i budsjettposten opplæring for 2016 i samband med oppstart for det nye utvalet. Vi reknar med at dei vert ei fylkessamling i januar 2016 for heile kontrollutvalet, slik som for 4 år sidan. I tillegg er det naturleg at leiar eller andre i utvalet deltek på den årlege fagkonferansen til Forum for Kontroll og tilsyn.

Sekretariatet reknar med at ordninga med nettbrett vert vidareført og at dette vert kjøpt inn og starta opp hausten 2015 på lik linje med andre folkevalde organ i kommunen.

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gaular kontrollutval	Møtedato 22.09.2015	Saksnr 022/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-040, Komnr-1430	Arkivsaknr.: 14/345
---	-------------------------------------	-------------------------------

Oppfølgingsliste 3 - 2015

Vedlegg:

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Saksutgreiing:

Status over saker som er handsama i kontrollutvalet og som utvalet skal følgje opp eller sjekke ut seinare.

Sak	Dato	Status
Kontrollutvalsarbeid – tiltak (08/09)	16.02.09	16.02.09: Vedtak KU vil innføre tiltak. 18.02.09 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor.
Forvaltningsrevisjon: Innkjøpsfunksjonen	16.9.14	KU 18/14: Rapporten vart lagt fram og kontrollutvalet sender den over til kommunestyret med tilråding: 1. Rapport frå forvaltningsrevisjonen Innkjøpsfunksjonen – Gaular kommune datert 5.9.14 vert teken til orientering. 2. Rådmannen får i oppdrag å følgje opp funna i rapporten med spesiell vekt på tilrådingane på side 7, 10 og 14. 3. Rådmannen orienterer kontrollutvalet før utgangen av første halvår 2015 om arbeidet med oppfølging av funn og tilrådingar. Kommunestyret, 30.9.14 (37/14): Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken. Informasjonssak på sakskartet til møte den 22.9.15 jf pkt 3.

Orientering om prosedyrar for deltid. «Det store heiltidsvalet»	04.02.13	04.02.13 Vedtak KU - - Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande. - For oppfølging ber kontrollutvalet om opplysningar om tilsette som ønskjer utvida stillingar, og om arbeid med bruk av alternative arbeidstidsordningar. 05.02.13 e-post til Gaular kommune. 16.09.14 Orientering i KU-sak 21/14 ved kontor- og personalsjef Dag Ripe: Prosjektplan for «Det store heiltidsvalet» vart delt ut. 05.02.15, KU-sak 07/15 (Oppfølgingsliste) Rådmannen vert kalla inn for å informere om prosjektet «Det store heiltidsvalet».
KOSTRA – Rett bemanning i sentraladministrasjonen (Forvaltningsrevisjon)	16.9.14	16.9.14 Vedtak i KU om tinging. 28.11.14: Vedtak om prosjektplan i KU-sak 27/14: Prosjektplan for revisjonsrapport om KOSTRA – Rett bemanning i sentraladministrasjonen datert 17.11.14, vert godkjent. 02.12.14: Vedtak om prosjektplan sendt til KRYSS Revisjon 28.05.15: Rapporten var utsendt dagen før kontrollutvalsmøtet. Forvaltningsrevisor gjekk gjennom rapporten. Saka vert teken opp til formell handsaming i neste møte (22.9.15) Saka er sett på sakskartet til møte den 22.9.15.
Nynorsk som administrasjonsmål	28.11.14	28.11.14 Vedtak i KU-sak 26/14: Kontrollutvalet takkar rådmannen for svar på spørsmål om nynorsk som administrasjonsmål. Kontrollutvalet ser det som viktig at kommunen følgjer opp nynorsk administrasjonsmål i heile den kommunale forvaltninga. Godt og tydeleg språk er avgjerande for kommunikasjonen både internt i kommunen og ut til innbyggjarane. Vi er kjende med at ein del kommunar har språkansvarlege i kvar avdeling. Gaular er med i LNK som har gratis kurs i nynorsk språk og dokumentlære, utvikla av Jan Olav Fretland ved Høgskulen i Sogn og Fjordane. Det er fleire autoriserte kurshaldarar som kan stå føre dette. Kontrollutvalet oppmodar om at Gaular i 2015 tilbyr dette kurset til sine tilsette som har ansvar for kommunikasjon. 02.12.2014: Uttalen sendt til kommunestyret og rådmannen. 05.03.2015: Referert i kommunestyret.
Reglement for kontrollutvalet med reglement for høyring	28.11.14 05.02.15	28.11.14 Vedtak i KU-sak 28/14 Reglement for kontrollutvalet: Kontrollutvalet ber sekretariatet legge fram sak til neste møte med reglement for kontrollutvalet og reglement for høyring i same sak. Utvalet ønskjer framlegg til ein paragraf om teieplikt. 05.02.15 Vedtak i KU-sak 04/15: 1. Framlegg til reglement for kontrollutvalet datert 27.1.15, vert vedteke. 2. Framlegg til reglement for høyringar i kontrollutvalet datert 27.1.15, vert vedteke. 05.03.15 Kontrollutvalet si tilråding vart vedteken av kommunestyret.

Møteplan		28.11.14 Frå handsaming av sak 31/14 Eventuelt Første møte i 2015: Torsdag 5. februar. 05.02.15 KU-sak 06/15 - Møteplan Møteplan for 2015 vert godkjent med følgjande møtedatoar: 5. februar 28. mai (kl 15.30) 22. september 3. desember
Rekneskap 2014		28.05.15, sak 11/15: Uttale til rekneskapen vart vedteken. 19.06.15: Rekneskapen vedteken av kommunestyret.
Overordna analyse		28.05.15, sak 12/15: Tinga overordna analyse frå KRYSS Revisjon.
Eigarskapskontroll		28.05.15, sak 13/15: Vedtak: <i>Kontrollutvalet tingar selskapskontroll i form av eigarskapskontroll frå KRYSS Revisjon.</i> <i>1. Har kommunen eigarskapsstrategi eller liknande som formulert dokument?</i> <i>2. Har kommunen rutinar som fungerer med oppfølging av eigarskapen i tråd med vedteken strategi?</i>

SEKOM-sekretariat

Saksgang Gaular kontrollutval	Møtedato 22.09.2015	Saksnr 023/15
---	-------------------------------	-------------------------

Sakshandsamar: Arnar Helgheim	Arkiv: FE-	Arkivsaknr.: 15/415
---	----------------------	-------------------------------

Eventuelt

Vedlegg:

Ingen vedlegg i saka.

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).